

# **FFI RAPPORT**

## **TERROR MOT JARNVEGAR: Eit oversyn over typiske terroraksjonar mot togpassasjertransport**

LIA Brynjar, NESSER Petter

**FFI/RAPPORT-2005/01451**



**TERROR MOT JARNVEGAR: Eit oversyn over  
typiske terroraksjonar mot togpassasjertransport**

LIA Brynjar, NESSER Petter

FFI/RAPPORT-2005/01451

**FORSVARETS FORSKNINGSINSTITUTT**  
**Norwegian Defence Research Establishment**  
Postboks 25, 2027 Kjeller, Norge



**FORSVARETS FORSKNINGSINSTITUTT (FFI)**  
**Norwegian Defence Research Establishment**

**UNCLASSIFIED**

P O BOX 25  
 NO-2027 KJELLER, NORWAY  
**REPORT DOCUMENTATION PAGE**

**SECURITY CLASSIFICATION OF THIS PAGE**  
 (when data entered)

1) PUBL/REPORT NUMBER FFI/RAPPORT-2005/01451	2) SECURITY CLASSIFICATION UNCLASSIFIED	3) NUMBER OF PAGES 80
1a) PROJECT REFERENCE FFI-I/885/911	2a) DECLASSIFICATION/DOWNGRADING SCHEDULE -	
4) TITLE TERROR MOT JARNVEGAR: Eit oversyn over typiske terroraksjonar mot togpassasjertransport  TRAIN AND RAILWAYS AS TERRORIST TARGETS: An Empirical Survey of Typical Terrorist Attacks on Train Passanger Transportation		
5) NAMES OF AUTHOR(S) IN FULL (surname first) LIA Brynjar, NESSER Petter		
6) DISTRIBUTION STATEMENT Approved for public release. Distribution unlimited. (Offentlig tilgjengelig)		
7) INDEXING TERMS IN ENGLISH: IN NORWEGIAN:		
a) <u>Terrorism</u>	a) <u>Terrorisme</u>	
b) <u>Railroad</u>	b) <u>Jarnveg</u>	
c) <u>Station</u>	c) <u>Stasjon</u>	
d) <u>Subway</u>	d) <u>Undergrunn</u>	
e) <u>Bomb</u>	e) <u>Bombe</u>	
THESAURUS REFERENCE:		
8) ABSTRACT This report describes and categorizes the most typical terrorist attacks against train passengers and the passenger-carrying railway systems.  Compared to other parts of the civilian infrastructure, including the transportation sector, public railway transportation has been a relatively frequent target for terrorist attacks and threats in countries with active terrorist organisations. Furthermore, the railways have also been scene for a number of mass casualty-attacks, including several of the worst terrorist attacks in modern European history. These include the bombings of three train carriers in the London Underground in July 2005, four trains at a railway station in Madrid in March 2004, at a Moscow subway station in February 2004, and at the Central Station in Bologna, Italy in august 1980.  The report emphasises that despite the wide variety of types of potential mass casualty attacks, most deadly terrorist attacks have in fact occurred at the railway stations, and the most typical terrorist weapon remains a small bomb.		
9) DATE 2005-07-05	AUTHORIZED BY This page only Jan Erik Torp	POSITION Director

ISBN 82-464-0954-9

**UNCLASSIFIED**

**SECURITY CLASSIFICATION OF THIS PAGE**  
 (when data entered)



<b>INNHOOLD</b>		<b>Side</b>
1	INNLEIING	7
1.1	Transportsektoren som mål for terrorisme	7
1.2	Datamateriale og metode	9
2	OVERSIKT OVER AKSJONSFORMER	9
2.1	Tog som terrormål – tal og statistikk	9
2.2	Bomber på jernbanestasjonar	12
2.3	Bomber i togvogner	16
2.4	Sabotasje mot skinnegang	18
2.5	'Trackside bombs'	23
2.6	Aksjonar mot tunnelar og bruer	24
2.7	Brannstifting	26
2.8	Gisseltakingar og barrikaderingar	29
2.9	Overfall på togpassasjerar	31
2.10	Snikskyting	33
2.11	Farleg last som våpen	34
2.12	BC- 'våpen' mot togstasjonar og undergrunnsbane	35
2.13	Sabotasje mot straumledningar, kommunikasjonsnett etc	37
2.14	Cyberangrep, logiske trusler	37
3	KONKLUSJON	37
	Bibliografi	38
	VEDLEGG	41
A.1	Case studie I: Terroraksjonen i Madrid 11 mars 2004.	41
A.1.1	Hendelsesforløp, modus operandi	42
A.1.2	Terrorcellen: profiler og motivasjoner	43
A.1.3	Timing og Irak som motivasjonsfaktor	44
A.2	Case studie II: Gassangrepe mot Tokyos T-bane	45
A.2.1	Hendelsesforløp, modus operandi	45
A.2.2	Mistanker om andre angrepsplaner i Japan og internasjonalt	46
A.2.3	Profil av Aum Shinrikiyo	47
A.2.4	Sektens program for masseødeleggelsevåpen	49
A.2.5	Status for sekten	52
A.3	Kronologi over terroraksjonar mot tog i europa	52





## TERROR MOT JARNVEGAR: Eit oversyn over typiske terroraksjonar mot togpassasjertransport

### 1 INNLEIING

*'For those determined to kill in quantity and willing to kill indiscriminately, trains, subways and buses are ideal targets.'*

— BRIAN JENKINS

Denne rapporten inngår i FFIs og TERRA prosjektets satsing på studiar av terrorisme og sabotasje som trussel mot sivil infrastruktur.<sup>1</sup> Målsetjinga med denne rapporten er å kaste lys over terrorhandlingar retta mot togpassasjertransporten og å identifisere dei mest typiske aksjonsformene mot denne type mål. Studien er avgrensa til å sjå på viljeskapte hendingar som utgjer eit alvorleg hot mot passasjerane sin tryggleik. Sabotasje mot godstransport eller andre materielle mål vil ikkje bli handsama.<sup>2</sup>

#### 1.1 Transportsektoren som mål for terrorisme

Vi har tidlegare vist at transportsektoren skiljer seg ut som eit attraktivt mål for terroristar og er utan tvil den delen av sivil infrastruktur som er mest utsett for terroraksjonar.<sup>3</sup> Historiske kronologiar over terroranslag syner at sivil infrastruktur ofte kan vere mål for innanlandske opprørs- og geriljagrupper, men blir relativt sjeldan direkte ramma av internasjonale terrorgrupper.

Årsakene til at transportsektoren er langt meir eksponert for terrorisme enn til dømes elektrisitetsforsyninga ligg delvis i terrorismens natur. Terrorgrupper søker å maksimere effekten av valdsbruk gjennom å spreie ei kjensle av frykt ('terror') for å fremje ein politisk agenda. Dette oppnår dei først og fremst gjennom å skape stor mediemerksemd om aksjonane sine. Spektakulær valdsbruk genererer nettopp den mediedramatikken som politiske terroristar søker. Eit fåtals valdsaksjonar er eit langt meir kosteffektivt verkemiddel enn sabotasjeaksjonar

<sup>1</sup> For tidlegare FFI studiar av terrortrusselen mot sivil infrastruktur, sjå bibliografien til denne rapporten, publikasjonslista på [www.ffi.no/TERRA](http://www.ffi.no/TERRA), samt bibliografien i Brynjar Lia (red.) 'Satsing på forskning om samfunnssikkerhet og sårbarheter: Samfunnsvitenskaplige og humanistiske tilnærmingar,' *FFI-Notat* No.2004/01605 (mai 2004).

<sup>2</sup> Delar av denne rapporten bygger på tidlegare FFI-studiar om bl a transportsektoren som terrormål, terrorisme og masseødeleggingsvåpen, europeiske jihadistnettverk, etc. Sjå bibliografien til denne rapporten

<sup>3</sup> Brynjar Lia, 'Terror mot transport: En revurdering av terrortrusselen mot transportrelaterte mål i lys av 11. september,' *FFI/Rapport-2003/00731* (Kjeller: FFI, unntatt offentlighet 2003, nedgradert i 2005), <http://rapporter.ffi.no/rapporter/2003/00731.pdf>; og Brynjar Lia, 'Er sivil infrastruktur sannsynlege mål for terrorgrupper i fredstid?' *FFI/Rapport-2000/01703* (Kjeller: FFI, 2000), [www.mil.no/multimedia/archive/00004/Lia-R-2000-01703\\_4935a.pdf](http://www.mil.no/multimedia/archive/00004/Lia-R-2000-01703_4935a.pdf)

som berre medfører materiell skade.<sup>4</sup> Mange terrorgrupper rettar derfor merksemda si mot mål som kan ramme mange personar. I dei seinare åra har vi også sett ein framvekst av internasjonale terrornettverk med stor vilje og kapasitet til å gjennomføre massedrapsaksjonar. Dette gjeld først og fremst det tidlegare Afganistan-baserte al-Qaida og ei rekkje radikale *jihadist*grupper som deler al-Qaida's ideologi.<sup>5</sup>

Massedrap er på langt nær eit mål i seg sjølv for alle terroristorganisasjonar. Eit av dei viktigaste momenta i målutveljinga er at målet og aksjonen har nære tilknytingspunkt til aksjonistane si fremste kampsak. Terrorisme blir ofte beskrive som ei form for 'politisk kommunikasjon', 'teater' eller 'propaganda gjennom dåd'.<sup>6</sup> Dermed må aksjonen tale for seg sjølv, og målutveljinga og regisseringa av aksjonen blir derfor svært viktig. Å ramme ei tilfeldig folkemengde på ein tilfeldig togstasjon er derfor ideologisk problematisk for svært mange terrorgrupper. For at denne type aksjonar skal vere meningsfulle for terroristane sjølve, må aksjonen inngå i ein breiare politisk-ideologisk kontekst som ikkje berre er kjent for terroristane sjølve, men også for publikum. Al-Qaida sine mange mediepubliserte truslar om blodige aksjonar mot USAs europeiske allierte og troppebidragsytarar i Irak var nettopp ein slik offentlig kontekst som gjorde terroraksjonen på togstasjonen Alcala de Henares i Madrid 11 mars 2004 ideologisk forsvarleg og meningsfull for aksjonistane.

Gitt at dei kontekstuelle politiske vilkåra er tilstades, står passasjertransport på mange måtar fram som eit ynda terrormål, fordi det er ein arena der ei større menneskemengde lett kan råkast, både gjennom truslar om vald eller ved massedrapsaksjonar. Dei fleste offentlege transportmiddel er vanlegvis heilt ubeskytta. Utforminga av transportmiddel (få utgangar, ein separat seksjon for stab/personalet, visuell oversikt over passasjermassen og moglege rømningsvegar etc) gjer offentlege transportmiddel særleg eigna for gisselsituasjonar. På same måte er sjølve regelmessigheten i dei fleste persontransportssystemene både når det gjeld rutetider, og type og antall passasjerar eit viktig element som gjer planlegging og målretting mot ønska målgrupper langt enklare enn mot andre typar mål.<sup>7</sup> Transportmidla sin masse, last, drivstoffinnhald og høge kinetiske energi gjer dei også til egna verkemidler i ei terrorhandling. Oppfinnsame terrorgrupper har ved fleire høve nytta sjølve transportmidlet som våpen. Det fremste dømet på dette er 11. september-hendingane i New York og Washington 2001. Den politiske effekten av aksjonar mot transportmål er også eit viktig moment for terrorgrupper

<sup>4</sup> Eit anna moment er at dei fleste terrorgrupper er små og har for lite ressursar til å kunne gjennomføre landsomfattande og lammande sabotasjeanslag mot sivil infrastruktur.

<sup>5</sup> Med *jihadist*grupper meiner vi islamistiske terrorgrupper som definerer *jihad* som utelukkande ein væpna kamp og er tilhengjarar av al-Qaida sin ideologi om 'ein global jihad mot korsfararane'. Denne definisjonen ekskluderer dermed islamistiske terror- og opprørsgrupper med ei hovudsakleg nasjonal orientering.

<sup>6</sup> For studiar av media og terrorisme, sjå f eks Alex Schmid og Janny de Graaf, *Violence as Communication: Insurgent Terrorism and the Western News Media* (Beverly Hills, CA.: Sage, 1982); Paul Wilkinson, 'The Media and Terrorism: A Reassessment', *Terrorism and Political Violence* 9 (2) (sommar 1997), s. 51-64; og Brigitte L. Nacos, *Mass-Mediated Terrorism: The Central Role of the Media in Terrorism and Counter-Terrorism* (Maryland: Rowman & Littlefield, 2002).

<sup>7</sup> Målfrid Braut, Thomas Hegghammer, Laila Bokhari, 'Terrorism against the Transport Sector: - Are transport vehicles and transport-related infrastructure attractive terrorist targets?' (Kjeller: FFI, 2003, upublisert utkast til FFI-Rapport).

sidan slike valdshandlingar påverkar publikum si kjensle av tryggleik og rørslefridom, noko som i sin tur ofte påverkar tilhøvet mellom befolkninga og styresmaktene. Såleis kan terroråtak mot denne type mål medføre politiske endringar.

## 1.2 Datamateriale og metode

Gode data om terroraksjonar er mangelvare. Statistikk og talmateriale om internasjonal terrorisme må lesast med eit kritisk blikk. Eit mykje brukt verktøy er databasar som ITERATE<sup>8</sup> og RAND-MIPT<sup>9</sup>. Desse er hendingsbaserte ('event'-baserte) statistiske databasar og inneheld først og fremst informasjon om gjennomførte terroraksjonar med vekt på hendingar med internasjonalt tilsnitt. Både ITERATE og RAND-MIPT har publisert relativt gode kronologiar tilbake til ca 1968 der aksjonar og relaterte hendingar blir beskrive med varierende detaljnivå. Opplysningane er som oftast er henta frå pressekjelder. Sjølve organiseringa av dataene i ITERATE og RAND-MIPT er problematisk pga definisjonsproblem, manglande empiri om innanlandske terroraksjonar, etc. Av denne grunnen har vi i tidlegare FFI-studiar som regel vald å anvende berre dei historiske kronologiane som ligg til grunn for desse databasene, i staden for dei numeriske versjonane av databasene. Det same er gjort i denne studien. Ved å søke direkte i kronologiane og hente fram alle registrerte aksjonar som berører togpassasjertransport, får vi eit relativt godt bilete av typiske aksjonsformer og andre karakteristiske trekk ved terrorisme mot denne type mål. Ordet 'aksjonsform' refererer her til kombinasjonen av våpen og arena, gjerne med detaljar om sjølve våpenbruken, f eks utplassering av bombe i togvogn eller bruk av skytevåpen for å ta gislar ombord på eit tog. Ei liste over togrelaterte terroraksjonar i Europa i perioden 1968-2004 er oppført i vedlegg 3 til denne rapporten.

Det følgjande kapitlet gir eit oversyn over dei mest vanlege eller typiske aksjonsformene i internasjonal terrorisme retta mot togpassasjertransporten.

## 2 OVERSIKT OVER AKSJONSFORMER

### 2.1 Tog som terrormål – tal og statistikk

Ein FFI-analyse av data frå ITERATE-kronologien over internasjonale terrorhendingar retta mot transportsektoren i Europa i perioden 1990-2000 viser at terroranslag mot skinnegående trafikk ikkje er den mest typiske aksjonsforma.<sup>10</sup> Den mest dominerande målkategorien i dei 406 terrorhendingane som FFI-studien identifiserte, var terroranslag mot køyrety på veg ca (60

<sup>8</sup> ITERATE-databasen er blitt beskrive på følgjande måte: 'a data set that records the incident date, location, type (e.g., bombing or hostage event), number of people killed, and number of people wounded. ITERATE relies on the world's news print and electronic media for its information with a large reliance on the Foreign Broadcast Information Service (FBIS) Daily Reports, which surveyed a couple hundred of the world's newspapers and related sources.' Sjå Walter Enders and Todd Sandler, 'After 9/11: Is It All Different Now?' *Journal of Conflict Resolution*, 49 (2), (2005), s. 259-277. Sjå også Todd Sandler and Walter Enders, 'An Economic Perspective On Transnational Terrorism', Research Paper, [www.ecaar.org/Articles/SandlerDIW.pdf](http://www.ecaar.org/Articles/SandlerDIW.pdf), s. 5-6

<sup>9</sup> RAND-MIPT databasen er offentleg tilgjengeleg via [www.tkb.org/Home.jsp](http://www.tkb.org/Home.jsp).

<sup>10</sup> Sjå Brynjar Lia, 'Terror mot transport', s.14-16 for fleire detaljar om dette talmaterialet.

%), medan om lag 7 % retta seg mot jernbanekøyrety. Ser vi på passasjertransport på jarnvegar under eitt (dvs både togvogner, stasjonar, skinnegang etc), er talet noko høgare.<sup>11</sup> Sett i lys av at skinnegåande trafikk er relativt sett mykje mindre i omfang enn vegbasert passasjertransport, synest det klart at togpassasjertransport relativt sett er eit interessant mål for terrorgrupper.<sup>12</sup>

Dette tyder likevel ikkje at tog og undergrunnsbane er den hyppigst forekommande arenaen for al-Qaida relaterte terroråtak sett under eitt. Ei liste over 'betydelege terroråtak' av al-Qaida eller al-Qaida-inspirerte terrorgrupper i perioden mars 1993 til juli 2005 inneheld 31 ulike hendingar. Berre tre av hendingane rettar seg mot tog eller undergrunnsbane.<sup>13</sup> Grunnen til dette relativt låge talet er at al-Qaida har som oftast har angripe ulike former for utanlandsk nærvær i islamske land, både militært og diplomatisk personell, forretningsliv og turistmål (jf Riyadh november 1995 og Kenya og Tanzania august 1998, Karachi mai og juni 2002, Jemen og Bali oktober 2002, Mombasa november 2002, Bali, Casablanca og Riyadh mai 2003, Istanbul november 2003 og Sinai oktober 2004). Dersom vi derimot ser utelukkande på al-Qaida relaterte åtak i Vest-Europa, finn vi eit langt større fokus på tog- og undergrunnsbane som operasjonsarena. Dette gjeld ikkje berre dei tre-fire aksjonane kan knytast til al-Qaida og al-Qaida inspirerte grupper i Vest-Europa: Bombene mot metrobanen i Paris juli 1995, togbombene i Madrid i mars 2004 og bombene mot 'the tube' i London i juli 2005. Det gjeld også fleire avslørte terrorplanar mot T-banen i Roma, Paris og London i perioden 2000-2004.<sup>14</sup>

I det følgjande kapitlet vil vi sjå på hendingar frå RAND-MIPT kronologien for europeiske land for perioden 1968- mars 2004. Sidan politisk styreform og væpna konflikthar har mykje å seie for førekomsten av terrorisme, er det viktig å velje ut land som liknar Norge (som 'det er naturleg å samanlikne seg med'). Vi har derfor avgrensa søket til land i Europa.<sup>15</sup> Vi kom då fram til 106 hendingar frå denne perioden etter søk på stikkorda 'railroad', 'railway' og 'train'. Aksjonane fordeler seg på følgjande land: Storbritannia 28, Frankrike 23, Spania 20, Vest-

<sup>11</sup> Den nemnde studien såg ikkje spesifikt på terroranslag mot jernbanestasjonar eller mot dei jernbanerelaterte delane av sjølve transportinfrastrukturen (skinner, bruar, tunneller etc), men ut ifrå datamaterialet kan vi fastslå at desse utgjorde ein stad mellom (0 og 21 %), sannsynlegvis berre nokre få prosent. (Sjå vedlegg 2 for fleire detaljar om talmaterialet.)

<sup>12</sup> Ein nyleg utgitt RAND-studie kjem fram til liknande resultat: 'rail attacks are more numerous and deadly than those on airports and airplanes, but have not been as numerous or resulted in as many deaths as those on buses and related infrastructure, such as ticket offices and depots'. Sjå Jack Riley, 'Testimony: Terrorism and Rail Security', Testimony presented to the Senare Commerce, Science, and Transportation Committee on March 23, 2004, (St. Monica, CA: Rand Corporation, 2004, [www.rand.org](http://www.rand.org)).

<sup>13</sup> Lista som britiske styresmakter laga på initiativ frå den britiske statsministeren etter London-bombene i juli 2005, inkluderer 'betydelege terroråtak frå det første WTC åtaket i New York i 1993 fram til bombeåtak i London den 7 juli 2005'. Nokre av åtaka var direkte knytta til bin Laden, medan andre vart gjennomførte av 'terroristar inspirerte av al-Qaida'. Lista er ikkje uttømmende. Sjå 'List of Al Qaida inspired terror attacks released', Produced at the request of 10 Downing Street, released 13 July 2005, [www.pm.gov.uk/output/Page7930.asp](http://www.pm.gov.uk/output/Page7930.asp).

<sup>14</sup> Sjå Appendix i Petter Nesser, 'Jihad in Europe: A Survey of the motivations for Sunni Islamist terrorism in post-millennium Europe', *FFI-Rapport* No.2004/01146 (Kjeller: FFI, 2004), <http://rapporter.ffi.no/rapporter/2004/01146.pdf>

<sup>15</sup> Europa er her avgrensa austover til Russland (utanfor Tsjetsjenia), Tyrkia er ikkje teken med, heller ikkje Aust-Europa før murens fall. Jugoslavia og statane som oppstod etter Jugoslavias samanbrot er også utelukka. Desse avgrensingane kan sjølvsagt diskuteras. Føremålet er å unngå overvekt av lokale hendingar som er del av ein pågåande borgarkrig eller borgarkrigsliknande konflikt.

Tyskland/Tyskland 8, Russland 6, Sveits 5, Italia 5, Tsjekkia 4, Austerrike 3, Nederland 2, Irland 1, og Estland 1. Disse tala er langt frå uttømmende og er truleg berre toppen av isfjellet, men dei fleste av dei mest kjende terroraksjonane som er blitt rapporterte i internasjonal presse er med i talmaterialet. (Sjå vedlegg no.3 for ei meir utfyllande liste). Vi antar at talmaterialet er tilstrekkeleg representativt til at det gir oss eit godt førsteinntrykk av dei mest typiske aksjonsformene når det gjeld terrorisme mot togpassasjertransport.

### ***Typiske aksjonsformer mot passasjertog i europeisk terrorisme***

- *Bombe(r) på jernbanestasjonene, (inkluderer også hendinger der bombene blir oppdaga eller går av medan togvognene er inne på stasjonsområdet) (32 hendinger)*
- *Sabotasje mot skinnegangen (utplassering av bomber ombord på eller nær jernbaneskinne, spiker på skinnegangen, personbil parkert på skinnegangen, etc). (24 hendinger)*
- *Bombe(r) i ei eller fleire av togvognene utanfor stasjonsområdet. (18 hendinger)*
- *Brannstifting på togvogner, togstasjonar eller på skinnegangen (17 hendinger)*
- *Bombe(r) på skinnegangen og detonert med fjernutløysar i det toget passerer. (Togversjonen av 'roadside bomb'). (7 hendinger)*
- *Gisseltaking og barrikadering ombord i tog (3 tilfelle)*
- *Overfall på togpassasjerer, ikkje gisseltaking (3 tilfelle)*
- *Bombe på bru for passasjertog (4 usikre tilfelle)*
- *Bombe i togtunnell (1 tilfelle)*

*Tilsaman 109, fordi tre hendinger er kategoriserte i to ulike aksjonsformer.*




Figure 2-1: Statistisk oversikt over førekkomsten av ulike aksjonsformer mot togpassasjertransport i europeisk terrorisme i perioden 1968-2004

I oversikten og tabellen ser vi at dei mest dominerande aksjonsformene er utplassering av bomber på dei mest folksame delane av toginfrastrukturen nemleg stasjonsområdet og i togvognene, i tillegg til sabotasje mot skinnegangen. Terroraksjonar mot tunnelar, bruer og andre delar av toginfrastrukturen har ikkje forekomme særleg ofte i Europa, i følgje våre data.

I det følgjande vil vi sjå nærare på dei mest typiske aksjonsformene med utgangspunkt i empiriske døme. I denne diskusjonen vil vi ikkje avgrense oss strengt til europeisk terrorisme, men også bruke døme frå andre verdsdelar. Sidan terrorbiletet har vore i betydeleg endring det siste tiåret og den internasjonale terrorismen synast å bli stadig meir transnasjonal og global, er det grunn til å anta at aksjonsformer som blir praktisert i fjerne konfliktområder har eit større spreingspotensial i dag enn tidlegare. Vi vil også kort diskutere aksjonsformer som tidlegare er anvendt mot andre arenaer, men som det er relativt enkelt å overføre til togpassasjertransporten.

## 2.2 Bomber på jernbanestasjonar

Utplassering og detonering av ei eller fleire bomber på togstasjonar er blant dei vanlegare aksjonsformene som terroristar nyttar mot togpassasjertransporten. Ein av dei dødelegaste terroråtaka i nyare europeisk historie skjedde inne på ein togstasjon. Aksjonen som seinare er

blitt kjent som *Strage di Bologna*, eller ‘Bologna massakren’, vart utført ved hjelp av ei 20 kilos improvisert TNT-bombe som detonerte inne på venterommet på sentralstasjonen i Bologna, Italia, 2. august 1980. Italienske høgreekstremistar/nyfascistar vart seinare dømde for aksjonen der over 80 personar vart drepne, og mellom 200-300 skadde.

Dei fleste terroraksjonar mot togstasjonar er likevel langt mindre dødelege. I Frankrike, som har hatt mange slike aksjonar, har korsikanske separatistar, (‘Corsican National Liberation Front’, FNLC) ved fleire høve sprengt togstasjonar i lufta utan at personar er blitt drepne eller skadde. Svært ofte har FNLCs bombeåtak mot togstasjonar berre vore ein del av ein større koordinert bombekampanje som har involvert titals mindre bomber, men aksjonane deira har i hovudsak vore retta mot materielle mål. Utplassering av bomber på togstasjonar, langs skinnegangen, eller i togvogner har vore ein av dei mest typiske aksjonsformene for IRA på det engelske fastlandet. Som oftast har gruppa sendt ut førevarslar og bombene har generelt sett vore små. Hovudføremålet med desse aksjonane synast å vere å forstyrre togtrafikken, heller enn å drepe mange togpassasjerar, jamvel om mange av IRA sine aksjonar har teke menneskeliv.

Bombeaksjonar mot togstasjonar medfører ofte skade på menneskeliv eller død. Vanlege utplasseringsstader for bomber er bagasjeoppbevaringsboksar, toalett, søppelkasser og holrom under seter. I februar 1992 detonerte IRA ei bombe på undergrunnsstasjonen London Bridge i rushtida, noko som førte til at 25 personar vart skadde. Bomba var plassert på toalettet nær ein av plattformene. Ved fleire tilfelle i november 1981 vart personar skadde då armenske terroristar tilknytta ASALA (‘Armenian Secret Army for the Liberation of Armenia’, som også opererte under namna Orly Group og 3rd October Organization), plasserte bomber i bagasjeoppbevaringsboksar på togstasjonar i Paris. ASALA gjennomførte ein heilt tilsvarende aksjon i Lyon i august 1984 med ei 200 grams bombe i ein bagasjeboks. Motivene for åtaka i Frankrike (og Sveits) var å tvinge franske styresmakter til å lauslate fengsla ASALA aktivistar. Omlag ti år seinare påtok ASALA seg ansvaret for to blodige terroraksjonar mot T-banen i Baku, Aserbajdsjan der åtte og tretten personar mista livet. Ein av desse bombene gjekk av inne på stasjonsområdet, medan den andre eksploderte inne på ei sovevogn på eit tog på veg til Baku.<sup>16</sup>

Andre internasjonale terrorgrupper har også gjennomført blodige aksjonar mot togstasjonar i Europa der fleire sprengladningar er blitt plasserte på ulike stader i ein koordinert aksjon. To personar vart drepne og mange skadde då den illgjetne internasjonale terroristen Illich Ramirez Sanchez, også kjent som Carlos og ‘Sjakalen’, gjennomførte ein samordna aksjon i Frankrike i april 1983 med ei bombe på togstasjonen i Marseille og ei bombe ombord på eit fransk hurtigtog.<sup>17</sup> I mars, april og september 1986 gjennomførte den Iran-støtta islamistiske organisasjonen ‘The Committee of Solidarity with the Arab and Middle East Political Prisoners’ (CSPPA) ein serie bombeaksjonar mot tog og undergrunnsbane i Frankrike, der bomber vart plasserte i togvogner. Ei av bombene gjekk av og skadde 10 personar på eit ekspresstog utanfor

<sup>16</sup> ‘Tidigare attacker mot tunnelbanor,’ *Aftonbladet* 17 november 2002, <http://www.aftonbladet.se/vss/nyheter/story/0,2789,227633,00.html>

<sup>17</sup> Carlos var sikta i Frankrike for denne aksjonen etter at han var blitt utlevert frå Sudan i 1994.

Paris, medan to andre bomber plasserte i togvogner på undergrunnen i Paris vart oppdaga i tide. Terroristane framsette bl a krav om lauslating av fem personar som var blitt arresterte i samband med eit mislykka attentatforsøk på den tidlegare iranske statsministeren Bakhtiar i 1980.

Dei mest alvorlege terrorhendingane mot togtransporten har involvert koordinerte aksjonar der bombene har blitt detonerte medan togvognene var inne på stasjonsområdet eller i tunnel, jf Madridaksjonen 11. mars 2004 og London-bombene 7. juli 2005. Den algirske terroristorganisasjonen GIA ('Groupe Islamique Armée') som fram til 1996-7 hadde nære band til al-Qaida nettverket, nytta denne aksjonsforma ved fleire høve under ein blodig terrorkampanje som ramma det franske publikum på midten av 1990-tallet. Motivet for aksjonen var å protestere mot Frankrikes støtte til militærregimet i Algerie.



*Figure 2-2: St. Michel stasjonen, Paris 25. juli 1995.*

Eit av dei første og mest dødelege av desse åtaka skjedde 25 juli 1995 då GIA detonerte ei bombe på St. Michel stasjonen i Paris nær den kjende Notre Dame-katedralen. Den tidsinnstilte bomba gjekk av om ettermiddagen kl 1730 og var plassert under eit sete. Sju personar mista livet og 91 vart skadde. Ein algirsk islamist med namnet Abdelkrim Deneche vart kort tid seinare arrestert i Stockholm og sikta for medverknad i aksjonen. GIA sine aksjonar i Frankrike skil seg frå tidlegare terrorhendingar mot togpassasjertransporten i Europa først og fremst fordi dei var meint å vere særskilt blodige. Aksjonane kan sjåast på som ein forløpar for Madridaksjonen, London-bombene og ei rekkje forsøk på massedrapsaksjonar i Europa av radikale islamistar etter årtusenskiftet. Mange av desse aksjonane har vore retta mot publikum.

I tillegg til Algerie-konflikten har det også vore fleire hendingar med tilknytingspunkt til Kaukasus og Tsjetsjenia. I august 2000 eksploderte ei bombe på fotgjengarundergangen 'Pushkinskaya' som er tilknytta T-banenettet i Moskva. I februar 2004 vart 39 personar drepne og 134 alvorleg skadde då ei tsjetsjensk kvinne sprengde seg sjølv i lufta på metrostasjonen 'Avtozavodskaya' i Moskva. Dette var sannsynlegvis den første terroraksjonen med bruk av sjølvmondsaksjonistar mot tog/T-bane i Europa. I august same året sprengde nok ein sjølvmondsbombar seg utanfor ein T-basestasjon i Moskva med 10 drepte som resultat. Her var tapstala lågare, bl a fordi gjerningskvinnna ikkje kom ned på sjølve undergrunnsstasjonen.



**Liste over større terroraksjonar mot tog og t-bane i Den russiske føderasjonen.**

*June 11, 1996: A bomb explodes in a train between the Tuskaya and Nagatinskaya metro stations, killing four people and injuring over 10. The blast occurred shortly before the presidential election.*

*August 9, 2000: Eight people were killed and 53 injured in a blast that ripped through a crowded underpass outside Pushkinskaya metro station in the heart of Moscow. Mayor Luzkhov immediately called it a "terrorist act."*

*February 5, 2001: More than 10 people injured in a bomb attack on the circle line at Belorusskaya metro station.*

*September 3, 2003: A bomb was exploded on a commuter train as it left Kislovodsk in southern Russia. Six people died, 92 were injured. The perpetrator of the act, a Chechen from Shatoy District of Chechnya, has recently been caught, according to Deputy Interior Minister Alexander Chekalin.*

*December 5, 2003: An explosion in a commuter train ripped apart a car as the train rode into the town of Yessentuki. Some 50 people died in the blast and the fire triggered off by the blast; about 200 injured.*

*February 6, 2004: 'Avtozavodskaya' Metro bombing, 39 dead and 134 injured.*

*August 31, 2004: 'Rizhskaya' Metro bombing, 10 dead*

*Kjelde: Moscow News 1 mai 2004 og 'Militant Islam in Russia - Potential for Conflict', Moscow Defense Brief No.1 (2005), [http://mdb.cast.ru/mdb/1-2005/wap/militant\\_islam/](http://mdb.cast.ru/mdb/1-2005/wap/militant_islam/)*

Tsjetsjenia-konflikten har også hatt ringverknader for terrorbiletet i Vest-Europa. I juni 2003 vart det funne ei 'koffertbombe' som inneheld 1 kg TNT sprengstoff og 6 kg småstein og grus på hovudplattforma til ein togstasjon i Dresden i Tyskland. Ei gruppe som kalla seg 'Caucasian Liberation Front for the Liberation of Abu Achikob' påtok seg ansvaret for aksjonen. Ein gisselaksjon på Stockholms Centralstation i desember 2002 og ein avslørt terroraksjon mot den russiske ambassaden i Paris kan også ha hatt samband med konfliktene i Kaukasus (sjå delkapittel 2.8).

I februar 2004 arresterte italiensk politi ei gruppe radikale islamistar, hovudsakleg personar frå Tunisia og Marokko. Desse skal ha planlagt bombeaksjonar mot T-banen i Milano og mot ei kyrkje i den italienske byen Cremona der det lenge har funnest eit betydeleg jihadistmiljø. Ifølge pressekjelder som viser til avhør av dei arresterte personane, hadde gruppa planlagt å anvende det kraftige sprengstoffet C-4 til bombeaksjonen mot T-banen. Dei estimerte at åttaket ville ta livet av om lag 250 personer. Motivet for handlinga var å gi eit tilsvar til 'Berlusconis krig mot terror'.<sup>18</sup>

<sup>18</sup> 'Planla terrorangrep på Milanos T-bane', VG Nett 25 februar 2004, [www.vg.no/pub/vgart.hbs?artid=216395](http://www.vg.no/pub/vgart.hbs?artid=216395); og John Hooper, 'Al-Qaida man planned Italy bomb', The Guardian 26 mars 2004, [www.guardian.co.uk/alqaida/story/0,12469,1178378,00.html](http://www.guardian.co.uk/alqaida/story/0,12469,1178378,00.html)

Bilar/lastebiler fullasta med sprengstoff er kanskje det vanligste verkemidlet som terrorgrupper nyttar for å gjennomføre massedrapsaksjonar.<sup>19</sup> I datamaterialet vårt finst det relativt få døme på bil- og lastebilbomber mot togpassasjertransporten. I desember 2000 vart det funne ei bilbombe parkert utanfor jernbanestasjonen Santa Justa i Seville, Spania. Bomba viste seg å vere på heile 100 kg. Spanske styresmakter vart varsla om bomba av ein innringar. Togstasjonen var ikkje det direkte målet for bomba.<sup>20</sup> I juli 1993 gjekk det av ei 30 kilo stor bilbombe utanfor sentralstasjonen i Belfast sentrum kort etter at ein person som presenterte seg som IRA representant, varsla om det føreståande åtaket. I land utanfor Europa finst det fleire døme på denne type aksjonar. Ei bilbombe utanfor al-Masr togstasjonen nær Ramsis Square i Kairo drap sju menneske og såra over 20 i mai 1993.

I Norge har det vore svært få alvorlege terroraksjonar, men derimot ei lang rekkje mindre alvorlege hendingar og truslar som ligg i grenselandet for kva vi vanlegvis assosierer med politisk terrorisme. Det har vore fleire døme på bombetruslar mot norske togstasjonar, særleg Østbanen/Oslo S.<sup>21</sup> Etter det vi kjenner til, har det berre vore eitt tilfelle av kraftige bombeeksplosjonar på norske togstasjonar. Den 2. juni 1982 vart det detonert ei kraftig bombe i ein oppbevaringsboks på Østbanestasjonen, der ei 19 år gammal jente vart drepen, og 11 personar alvorlig såra. Ei ny tidsinnstilt bombe vart funne på same stad tre veker seinare og uskadeleggjort av politiet. Ein 18 år gammal gymnasiast stod bak hendinga. Aksjonen var tilsynelatande ikkje politisk motivert. Gjerningsmannen ynskte å krevje løysepengar for ikkje å sprengje fleire bomber.<sup>22</sup> Gjerningsmannen skal imidlertid ha sokna til eit høgreekstremt miljø. Episoden er likevel ganske eineståande. Ved gjennomgang av over 80 terrorrelaterte insidentar (flesteparten av desse er truslar), i Norge og mot norske mål i perioden 1991-2004 finn vi ingen alvorlege hendingar som involverer norsk togpassasjertransport. I løpet av 2004, og spesielt i etterkant av terroraksjonen i Madrid i 11. mars 2004, har imidlertid PST offentleg gått ut med informasjon om fleire mistenkelege episodar som kunne tyde på rekognosering mot norske togbanenettet, i første rekkje mot flytoget.<sup>23</sup>

### 2.3 Bomber i togvogner

Terroraksjonen i Madrid 11. mars 2004, også kjent som 'M-11', var på mange måtar ein

<sup>19</sup> For tidligare massedrapsaksjonar med lastebilbomber, sjå C Quillen, 'A Historical Analysis of Mass Casualty Bombers', *Studies in Conflict and Terrorism* 25 (5) (september-oktober 2002), s. 279-292. For ei kort omtale av Hizbullah's aksjonar, sjå Martha Crenshaw, 'Why America is the Primary Target? Terrorism as Globalized Civil War', Charles W Kegley Jr (red.) *The New Global Terrorism: Characteristics, Causes, Controls* (Upper Saddle River, NJ: Prentice Hall), s. 163. Sjå også Lia, 'Terror mot transport', s. 29.

<sup>20</sup> Det eigentlege målet for bomba var sagt å vere 'Sevilla Social Security Service offices'. Vi kjenner ikkje detaljane rundt denne hendinga.

<sup>21</sup> Sjå for eksempel 'Bombetrussel mot Oslo S og danskebåten', *Dagbladet* 20 november 1997, [www.dagbladet.no/nyheter/1997/11/20/40570.html](http://www.dagbladet.no/nyheter/1997/11/20/40570.html)

<sup>22</sup> Denne beskrivinga er henta frå Tore Bjørge sin database over politisk vald og terrorisme i Norge.

<sup>23</sup> Jan Ovind, 'Terroralarm på flytoget: Mistenkelige menn filmet Romeriksporten', *VG Nett* 15 september 2004, [www.vg.no/pub/vgart.hbs?artid=244927](http://www.vg.no/pub/vgart.hbs?artid=244927); Siri Gjørtz, 'Ba om økt årvåkenhet', *VG Nett* 15 september 2004, [www.vg.no/pub/vgart.hbs?artid=244976](http://www.vg.no/pub/vgart.hbs?artid=244976); og Anders W. Hagen og Gunnar Hultgreen, 'Frykter terror mot NSB', *Dagbladet.no* 8 mai 2004, [www.dagbladet.no/nyheter/2004/05/08/397816.html](http://www.dagbladet.no/nyheter/2004/05/08/397816.html).

kombinasjon av to svært typiske aksjonsformer, nemlig utplassering av bomber i togvogner og detonering av bombene inne på stasjonsområdet.<sup>24</sup> Medan mange aksjonar av denne typen ikkje har medført tap eller skade på menneskeliv, representerte M-11 noko heilt nytt innanfor 'tog-terroristen' sidan aksjonen var optimalisert for massedrap. Gjerningsmennene utplasserte relativt mange og store bomber; dei sende ikkje ut forvarslar, dei valde rushtida som tidspunkt for detonering av bombene, og samtlege av sprengladningane var meint å skulle gå av inne på sjølve stasjonsområdet.

Tidlegare bombeinsidentar på tog har gjerne involvert ei mindre bombe plassert f eks under sete, på toalettet, eller gøymt blant bagasjen. Dette har vore ein utbreidd aksjonsform for nord-irske terrorgrupper, først og fremst IRA, som vanlegvis ringte inn bombevarslar kort tid før dei tidsinnstilte bombene vart meint å skulle gå av. I nokre tilfelle var timinga slik at berre heldige omstende forhindra eit blodbad. I 1976 eksploderte ei fem kg stor bombe under eit sete på eit forstadstog i rushtida i London, berre nokre minutt etter at fleire hundre passasjerar hadde forlate togstasjonen. På midten av 1990-talet utplasserte egyptiske islamistgrupper bomber på tog mellom Kairo og byane i øvre Egypt i eit forsøk på å skade den egyptiske turistbaserte økonomien. Vi finn ei lang rekkje tilsvarende hendingar i mange land utanom Vest-Europa, f eks Russland, India, Sri Lanka, Kambodsja og Kenya.

Plassering av bomber under togsete, på togtoalettet eller ombord i sovevogner synast å vere blant dei hyppigst forekommande versjonane av aksjonsforma 'bombe på tog'. Det er likevel tallause gøymestader for mindre bomber, spesielt dersom dei berre er meint å skulle skremme. I oktober 2001 vart det italienske politiet varsla om ei lita bombe plassert på eit passasjersele på toget mellom Roma og Avezzano. Den vesle bomba var gøymt inne i ein TV-fjernkontroll. I eit anna tilfelle frå Sovjetunionen i juli 1991, vart ei bombe gøymd i ein koffert og etterlaten i ein reservert kupé på eit tog mellom Moskva og Baku. Bomba drap 14 personar og skadde 16.

I fleire land har bombeutplassering på tog vore eit ledd i ein økonomisk motivert utpressingskampanje. I desember 1994 eksploderte fleire bomber på undergrunnstoga på Manhattan i New York. Motivet var pengeutpressing. Gjerningsmannen vart sjølv kraftig skada då ei av bombene detonerte for tidleg.

Truslar om at bomber er etterlatne ombord i togvognene har forekomme ved ei lang rekkje høve, også i dei skandinaviske landa. I april 2004 vart det per telefon framsett bombetruslar mot eit dansk Intercity tog frå Fredrikshavn på veg til Københavns lufthamn Kastrup, noko som førte til at alle passasjerane vart evakuerte.<sup>25</sup> Gjerningsmannen som sjølv var ombord på eit tog same dag, framsette også truslar overfor medpassasjerane sine. Han skal ha sagt at 'de godt kunne vinke farvel til sine kjære', men det var uklart om han hadde våpen med seg og personen verka,

<sup>24</sup> Aksjonen er omtala i detalj i vedlegg 1 til denne rapporten.

<sup>25</sup> 'På vei til Kastrup: Bombetrussel mot intercity-tog', *Boarding.no* 21 april 2004 [www.boarding.no/art.asp?id=11758](http://www.boarding.no/art.asp?id=11758).

i følge vitne, noko sinnsforvirra.<sup>26</sup> Den 6. august 2004 vart hurtigtoget frå Oslo til Halden stogga og evakuert på Sarpsborg stasjon etter at ein passasjer hadde funne ein papirlapp på eit av togtoaletta med ein bombetrussel og referanse til al-Qaida. Teksten skal ha vore som følgjer: ‘Det er en bombe på toget. Mange uskyldige kommer til å dø den 06.08.2004, hvis ikke trusselen mot Al Qaida blir stoppet’. Etter at passasjerane vart evakuerte, vart togvognene gjennomførte av hundepatruljen frå bombetroppen ved Oslo politidistrikt. Inga bombe vart funnen. Hendinga førte til store forseinkingar i togtrafikken.<sup>27</sup>

## 2.4 Sabotasje mot skinnegang

Sabotasje og forsøk på sabotasje av skinnegangen har vore ei relativ vanleg aksjonsform i europeisk terrorisme. Det mest typiske våpnet innanfor denne kategorien synast å vere miner og mindre bærbare bomber. (Vi har vi ikkje funne døme på bruk av bilbomber mot skinnegang eller mot passerande tog i vårt datamateriale frå Europa.) Ei lang rekkje andre gjenstander og reiskapar er også blitt forsøkt brukt i forsøk på å forårsake togavsporingar.

Ut plassering av mindre bomber er likevel det mest typiske. Den baskiske separatistrørsla ETA har brukt denne aksjonsforma fleire gonger. ETAs franske ving, Iparretarak, som vart danna i 1973, utførte til dømes bombeåtak mot skinnegangen på togstrekningar mellom Spania og Frankrike i juni 1989. Elles har nordirske terrorgrupper ofte gjennomført bombeutplasseringar langs skinnegangen på det engelske fastlandet. I mars og april 1997, i forkant av dei britiske parlamentsvala, vart ei rekkje mindre bomber sprengde langs skinnegangen i Storbritannia. IRA påtok seg ansvaret for fleire av desse aksjonane. Fleire år seinare, i 2000 og 2001 vart det plassert større bomber på fleire titals kilo på togstrekninga mellom Dublin og Belfast. Mykje tydde på at ei utbrytargruppe frå IRA, ‘The Real IRA’ (RIRA), stod bak.

I mange av desse episodane vart britiske styresmakter som regel varsla på førehand, eller bombene var for små til å forårsake avsporing. Grunnen til dette var truleg at dei nordirske terrorgruppene hadde sterke sjølvpålagte begrensingar mot massedrap.<sup>28</sup> Det var ikkje tilfelle med radikale islamistar tilknytta den algirske terroristorganisasjonen GIA (‘Groupe Islamique Armée’) i Frankrike på midten av 1990-talet. GIA har fleire gonger forsøkt å sprengje skinnegangar med det føremålet å forårsake togavsporing. Eit av desse forsøka vart utført mot det prestisjetunge TGV hurtigtoget. I oktober 1995 vart det funne ein 25 kilos gasstank fylt med sprengstoff, men med defekt detonator, nær skinnegangen til TGV-toget mellom Paris og Lyon. Fingeravtrykka til ein av dei mest sentrale GIA-terroristane i Frankrike, Khaled Kelkal, vart funne på bomba.<sup>29</sup>

<sup>26</sup> ‘Bombetrussel i Danmark: DSB evakuerte feil tog’, *Boarding.no* 21 april 2004, [www.boarding.no/art.asp?id=11759](http://www.boarding.no/art.asp?id=11759).

<sup>27</sup> Diana Badi, ‘Tog evakuert etter funn av bombetrussel’, *Dagbladet* 6 August 2004; og André Winje Arntzen, ‘- Forvent flere trusler’, *P4 Radio* 7 august 2004, <http://www.p4.no/txo/129394.asp>

<sup>28</sup> Berre seks av dei 28 terroraksjonane mot britiske tog som RAND-MIPT databasen har registrert medførte skade på personar.

<sup>29</sup> For fleire detaljar om denne terrorkampanjen, sjå Brynjar Lia og Åshild Kjøk, ‘Islamist Insurgencies, Diasporic Support Networks, and Their Host States: The Case of the Algerian GIA in Europe 1993-2000,’ *FFI/Rapport* 2001/0389, (Kjeller: FFI, 2001), [www.mil.no/multimedia/archive/00002/Lia-R-2001-03789\\_2134a.pdf](http://www.mil.no/multimedia/archive/00002/Lia-R-2001-03789_2134a.pdf)

I Tyrkia har den kurdiske separatistrørsla PKK gjennomført fleire bombe- og sabotasjeaksjonar mot skinnegangen på tyrkiske jarnvegar. I oktober 1992 vart eit passasjertog på veg mellom Tatvan og Elazig råka av ei mine som PKK-aksjonistar skal ha planta. Toget spora av og køyrde ned i Murat-elva ved sida av togbanen. Tre personar mista livet og ca 50 vart såra i åtaket.

Ikkje berre sprengladningar, men også andre gjenstander er blitt anvende med det føremålet å forårsake, eller truge med å forårsake, togavsporing. I Tsjekkia i november 2003 vart ein Mercedes personbil parkert på skinnegangen mellom Praha og Vrsovice, noko som førte til at eit passasjertog kolliderte med personbilen. Toget spora imidlertid ikkje av, og ingen vart skadde eller drepne. Hendinga vart sett på som ein protestaksjon mot det føreståande NATO-toppmøtet i Praha der USAs president George Bush skulle vere tilstades. Dagen etterpå vart det funne ei bombe på skinnegangen i forstaden Kyje i Praha. Andre moglege tilfelle av sabotasjeforsøk mot skinnegangen har involvert f eks strøing av spikar på togs�kinnene. Dette hendte i Estland i September 2003 mot det såkalla ‘Eurotrain’, eit tog som vart brukt i ein pro-EU kampanje. Episoden skjedde nokre dagar før EU-avstemninga i landet. Toget spora ikkje av, og ingen vart skadde. I India der terroraksjonar mot tog ikkje er uvanleg, vart skinnegangen for ekspresstog Kacheguda-Bangalore frå Hyderabad øydelagt av The People’s War Group (PWG), ei maoistisk geriljagruppe som er aktiv i den nordvestlege Andhra Pradesh-provinsen.<sup>30</sup> PWG-aksjonistane hadde klart å kutte skinnegangen med ei metallsag. To personar vart drepne og 87 skadde i aksjonen.

I europeisk terrorisme finst det få døme på terroraksjonar som har ført til avsporing av tog. I februar 1984 saboterte ei baskisk separatistgruppe skinnegangen til Paris-Madrid ekspressen, noko som førte til at eit tog med 110 passasjerar spora av i ein fart på nærare 90 km i timen. Trass i dramatikken vart ingen skadde i aksjonen. Heller ikkje i andre vesteuropeiske land finn vi avsporingaksjonar med store dødsfall. Dette kan kanskje forklare kvifor denne aksjonsforma ikkje har blitt forsøkt anvendt oftare av terrorgrupper som har massedrap som mål.

I USA har det vore svært mange hendingar av vandalisme/sabotasje mot togtransporten, men det er i første rekkje godstransporten som har blitt ramma.<sup>31</sup> I 1994 viste tal frå *The Association of American Railroads* (som dekkjer ca 61 % av togstrekningane i USA) at det var registrert over 12 000 slike episodar, 25% av desse ramma signalsystemet. I alt 154 episodar var kategorisert som ‘vandalism resulting in derailment’. Ingen av desse hendingane råka imidlertid passasjertrafikken. Det har likevel vore terror-/sabotasjerelaterte togavsporingar i USA. Den mest kjende er ‘Sunset Limited’-hendinga i 9. oktober 1995 då eit AMTRAK passasjertog på den kjende togstrekninga mellom Orlando og Los Angeles spora av på ei aude strekning nær Hyder i Arizona-ørkenen. Toget hadde 248 passasjerar og eit mannskap på 20. To av

<sup>30</sup> For fleire detaljar om gruppa, sjå ‘Peoples’ War Group (PWG)’ på [www.fas.org/irp/world/para/pwg.htm](http://www.fas.org/irp/world/para/pwg.htm)

<sup>31</sup> Det følgjande avsnittet og alle sitater i avsnittet er henta frå James Graebner, ‘Amtrak: The Derailment of Sunset Limited’ in Brian Michael Jenkins, ‘Protecting Surface Transportation Systems and Patrons from Terrorist Activities: Case Studies of Best Security Practices and a Chronology of Attacks’, (San José, CA: Norman Y. Mineta International Institute for Surface Transportation Policy Studies (IISTPS), desember 1997, IISTPS Report 97-4), [www.transweb.sjsu.edu/publications/97-04.pdf](http://www.transweb.sjsu.edu/publications/97-04.pdf), s. 23-32.

sovevognene og restaurantvogna fell nesten ti meter ned i eit uttørre elvefar medan to lokomotiv og åtte av dei 12 togvognene spora av. Berre éin person vart drepen og 65 skada, 12 av desse alvorleg. Hendinga kunne truleg ha vore langt meir omfattande. Tapstala var låge fordi ingen av togvognene kollapsa. Det braut heller ikkje ut brann, og det var ingen giftige gassutslepp som følgje av avsporinga.



Figure 2-3: Bilete av det avspora Sunset Limited toget i Arizona-ørkenen.<sup>32</sup>

Det var frå første stund klart at avsporinga var eit resultat av sabotasje. Boltar og anna festeverk var blitt fjerna i skinnegangen og ein 13 meter lang del av skinnegangen av blitt flytta innover og deretter bolta fast til skinnegangen på nytt for å hindre at vekta av toget skulle tvinge skinnene tilbake på plass. Gjerningsmennene hadde også sørga for å unngå deteksjon ved å kople straumførande ledningar forbi sabotasjepunktet ('bypassing') før skinnene vart flytta, slik at det ikkje skulle bli registrert brot på skinnegangen.

Ei tidlegare ukjend høgrekstrems gruppe 'Sons of Gestapo' hadde signert fire maskinskrivne brev som vart funne på åstaden. Hemn vart truleg eit viktig motiv. Brevane viste til tidlegare væpna konfrontasjonar mellom dei føderale styresmaktene og høgrekstremlistar i Waco og Ruby Ridge, og nemnde bl a FBI og Bureau of Alcohol, Tobacco, and Firearms (ATF) som begge hadde vore tungt involverte i desse hendingane.<sup>33</sup>

Mykje tyder på at terrorgruppa ynskte å påføre maksimal skade på toget og passasjerane. Dei hadde vald eit punkt der skinnegangen passerte over eit 10 meter høgt understell/stillas ('trestle') og på ei aude strekning som låg ca 110 km frå næraste asfalterte veg, der det ville ta mykje tid å bringe fram hjelpeinnsats. Vidare var sabotasjepunktet lagt i ein sving slik at lokomotivføraren skulle ha minimalt med tid til å bremse. Det låg også ei bru rett forbi åstaden. Inga åtvaring eller varsel var blitt gitt på førehand.

Protest mot troppettransportar og transport av militært utstyr etc. på tog har ofte vore

<sup>32</sup> Bileta er henta frå [www.fas.org/irp/threat/fbi\\_terror95/terrorin.htm](http://www.fas.org/irp/threat/fbi_terror95/terrorin.htm) og [www.riflewarrior.com/case\\_of\\_the\\_sunset\\_limited.htm](http://www.riflewarrior.com/case_of_the_sunset_limited.htm)

<sup>33</sup> 'Terrorism in the United States', *Federation of American Scientists website* [www.fas.org/irp/threat/fbi\\_terror95/terrorin.htm](http://www.fas.org/irp/threat/fbi_terror95/terrorin.htm). Lasta ned 6 mai 2005.

motivasjonsskjelde for sabotasjeaksjonar mot togskinnegang. I Vest-Tyskland har det vore ei rekkje sabotasjeaksjonar mot skinnegangen til tog som transporterer personell og materiell til amerikanske og NATO-relaterte militære anlegg i landet.

Pengeutpressing har også vore motiv bak fleire forsøk på togavsporingar i Europa. Ei ukjend gruppe som kalla seg AZF, sende utpressingsbrev til den franske innanriksministeren i desember 2003 og i februar 2004 der dei kravde 1 million Euro og 4 millionar US dollar for å avlyse planlagte bombeaksjonar mot skinnegangene på ti ulike stader i Frankrike. Nær 10 000 jernbanearbeidarar vart utkommanderte for å inspisere skinnegangene. Ein av grunnane til at trugsmåla vart tekne alvorleg var at gruppa tipsa styresmaktene om ei utplasserte bombe. Det vart då funne ein sofistikert sprengladning nedgraven i skinnegangen nær Limoges i det sentrale Frankrike. Kort tid seinare vart det funne ei ny bombe ved skinnegangen nær landsbyen Montieramay i det austlege Frankrike. Den franske regjeringa forsøkte ved fleire høve å utbetale løysepengar utan å lykkast. AZF beskreiv seg sjølve som 'ei sekulær pressgruppe med ein terroristisk natur'.<sup>34</sup> I april 2004 vart Tyskland også råka av eit alvorleg forsøk på togavsporing. Gjerningsmennene hadde bolta fast seks metallplater ('metal slabs') i skinnegangen for hurtigtoget mellom Köln og Berlin nær Dortmund.<sup>35</sup> Metallplatene hadde dimensjonen 3x30 cm og kvar av boltene vog ca 17,5 kg (sjå biletet nedanfor). Sidan dei var plasserte i eit område med stor trafikk, meinte politiet at det truleg var fleire enn ein person involvert i aksjonen. Metallplatene var plassert på ei strekning der hurtigtoget vanlegvis har ein fart på nærare 160 km i timen. Togføraren oppdaga imidlertid metallplatene og klarte å bremse ned farten til 90 km i timen, og toget som hadde ca 200 passasjerar, spora ikkje av.

Vi kjenner ikkje til kva motiv som låg bak denne aksjonen, men togavsporingforsøka i Frankrike og Tyskland kom om lag samstundes med Madridaksjonen og vart også etterfølgt av funn av sprengstoff langs skinnegangene på spansk jernbane.



<sup>34</sup> Jocelyn Gecker, 'France Chided for Keeping Threats Secret,' *Associated Press* 4 mars 2004; og Jon Henley, 'Bomb discovery revives French fear of terror attacks on railways,' *The Guardian* 25 mars 2004.

<sup>35</sup> 'Attempted Derailment Raises Train Security Fears,' *Deutsche Welle* 5 april 2004, [www.dw-world.de/english/0,3367,1430\\_A\\_1162163\\_1\\_A.00.html](http://www.dw-world.de/english/0,3367,1430_A_1162163_1_A.00.html)

Figure 2-4: Bilete av metallplater som vart brukte i eit sabotasjeforsøk mot tyske jarnvegar.<sup>36</sup>

Reint personelege og upolitiske motiv har også ligge bak sabotasje mot skinnegang der personar har blitt drepne. I februar 2005 parkerte ein fråskild ektemann lastebilen sin, ein stor Sport Utility Vehicle (SUV), på skinnegangen til eit Amtrak Pacific Surfliner-tog i Oxnard, California og tente deretter på lastebilen. Toget var på veg til Los Angeles. Resultatet av handlinga var at toget som hadde 80 passasjerar om bord, spora av og 11 av passasjerane vart drepne. Gjerningsmannen hadde opprinneleg tenkt å bli i bilen for å begå sjølv mord, men flykta i siste liten.<sup>37</sup>



Figure 2-5: Bilete av togavsporinga i Oxnard, California 14 februar 2005. Kjelde: ABC News.

Det er liten tvil om at togavsporingar er ei akseptabel og legitim aksjonsform for internasjonale jihadistar. Etter 11. september har amerikanske styresmakter naturleg nok vore bekymra for togpassasjertransporten. I oktober 2002 sendte FBI ut ei spesifikk åtvaring om eit mogleg førestående al-Qaida angrep mot amerikanske passasjertog. Varselet var basert på etterretningsinformasjon frå avhøyra av fangene på Guantánamo Bay, Cuba. Informasjonen indikerte at det fantes uspesifiserte planar om åtak mot viktige bruer, mot sjølve skinnegangen for å forårsake hjulavsporing og mot togvogner med farlig last. Åtvaringane stamma også frå funn av al-Qaida fotografi av amerikanske jernbaner, vogner og kryssingspunkt.<sup>38</sup> Funn hjå ein mistenkt al-Qaida aktivist busett i Peoria, Illinois indikerte også at al-Qaida hadde samla inn informasjon om ulike infrastrukturmål i USA, inkludert jernbanenettet.<sup>39</sup> Ein annan al-Qaida aktivist, busett i USA, Iyman Faris, også kjend som Mohammed Raouf, skal ha blitt instruert av al-Qaida leiinga (Khaled Shaykh Muhammad) om at al-Qaida ynskte å gjennomføre togavsporingaksjonar og bad Faris om 'å sjå etter verktøy som kunne bøye togskindene'.<sup>40</sup> I

<sup>36</sup> Bilete er henta frå heimesidene til *Deutsche Welle*, sjå [www.dw-world.de/dw/article/0,,1162163,00.html](http://www.dw-world.de/dw/article/0,,1162163,00.html)

<sup>37</sup> 'Police: Train Crash Caused for Attention', *ABCNews* 18 februar 2005, <http://abcnews.go.com/US/wireStory?id=511815>

<sup>38</sup> 'Press Release About Al Qaeda Threatened attacks against US Railway Sectors,' *FBI National Press Office* 24 oktober 2002; og Joel Brinkley, 'F.B.I. Issues a Terror Warning, Citing Possible Threat to Trains,' *The New York Times* 25 oktober 2002.

<sup>39</sup> Susan Schmidt, '2nd Key Al Qaeda Suspect Identified: Raid in Pakistan Also Yielded the Man Who Allegedly Paid Hijackers,' *Washington Post* 5 mars 2003, p.A01, [www.washingtonpost.com/wp-dyn/articles/A42591-2003Mar4.html](http://www.washingtonpost.com/wp-dyn/articles/A42591-2003Mar4.html)

<sup>40</sup> Peter Cheney, 'The American life of an al-Qaeda scout,' *The Globe and Mail* 20 juni 2003, <http://www.globeandmail.com/servlet/ArticleNews/TPStory/LAC/20030620/UQAEDN/International/Idx>



mars 2005 sendte FBI på nytt ut åtvaringar om at det var retta uspesifiserte truslar mot jernbanelinjene i Los Angeles og Detroit. Dette varslet kom truleg på bakgrunn av etterretningsopplysningar om at al-Qaida leiaren i Irak, Abu Mus‘ab al-Zarqawi, planla operasjonar mot ‘mjuke mål’ inne i USA.<sup>41</sup>

Ein siste indikasjon på at al-Qaida vurderte aksjonar mot togtransporten var funnet av store mengder handskrivne notat frå treningsopplegget for rekruttane i al-Qaida leirene i Afghanistan før Talebans fall. Som vi ser av teikninga nedanfor, har al-Qaida etter alt å dømme drive spesifikk opplæring i sabotasje mot togskinnegang.




Figure 2-6: Teikningar funne i al-Qaidas treningsleirar i Afghanistan. Kjelde: CNN.

Eit alternativ til aksjonsforma sabotasje mot skinnegang er sabotasje mot sjølve toget/togvognene, noko som i sin tur kan medføre ulykker og skade på togpassasjeranes liv og helse. Vi kjenner ikkje til døme på denne aksjonsforma frå vårt datamateriale. I norsk samanheng har det imidlertid vore minst ei politianmelding av fleire tilfelle av sabotasje på t-banen i Oslo i løpet av 2003. Nokre av desse hendingane har ført til branntilløp. (Sjå delkapitlet 2.7).

## 2.5 ‘Trackside bombs’

Såkalla ‘roadside bombs’ er eit svært vanleg og effektivt våpen for gerilja- og opprørsgrupper, og vart nytta med betydeleg effektivitet av den libanesiske islamistgeriljaen Hizbollah mot israelske okkupasjonsstyrkar i Sør-Libanon fram til tilbaketrekkinga i mai 2000. ‘Roadside bombs’ er også eit av dei mest dødelege våpna til dei irakiske opprørsgruppene som voks fram etter at den USA-leia okkupasjonen byrja i mars 2003.

Vi finn langt færre døme frå Europa på jernbaneversjonen av denne aksjonsforma, dvs bomber utløyst med fjernkontroll eller tidsinnstilling mot passerande tog. I våre data finst det nokre få døme frå Frankrike, Italia og Storbritannia. I februar 1998 detonerte ETA ei bombe på skinnegangen medan det franske TGV-ekspresstoget passerte. Hendinga førte imidlertid berre til materielle skade. I januar 1992 eksploderte ei tidsinnstilt bombe nær togstasjonen Lecce i Italia rett før eit ekspresstog med 1100 passasjerar skulle passere. Hendinga vart avverga på grunn av

<sup>41</sup> ‘– Zarqawi planlegger terrorangrep i USA’, *VG Nett* 13 mars 2005.

at toget var to minutt forseinka. Eksplosjonen skapte eit ca 1 meter djupt krater og øydela den eine skinnegangen. I oktober same året sprengde IRA ei bombe på togskinnegangen i forstaden Edmonton nær London i det eit passasjertog passerte. Tre personar vart skadde.

Vi har også sett fleire døme på ‘trackside bombes’ frå Tsjetsjenia og Sør-Russland dei seinare åra. I oktober 2003 vart eit tog mellom Nazran og Moskva ramma av ei fjerndetonert bombe på 4-5 kg TNT. Det vart funne ledningar som leia fram til eit skogholt i nærleiken av åstaden. Ei udetonerte bombe vart også funne på skinnene. Bomba ramma eit passasjertog, og to personar vart skadde. Toget frakta politipersonell og utstyr frå Tsjetsjenia, og ein antok at desse var målet for åtaket. I ein tilsvarende aksjon ein månad tidlegare i Kislovodsk i Stavropol-distriktet i det sørlege Russland vart to fjernstyrte bomber utløyste mot eit forstadstog med det resultat at fem personar vart drepne og 91 skadde. Bombene var plasserte med fem meters mellomrom. Eksplosjonen fell saman med eit besøk av Russlands president Vladimir Putin til Rostov i det sørlege Russland.

## 2.6 Aksjonar mot tunnelar og bruer

I europeisk samanheng har det sjeldan vore gjennomført terroraksjonar mot togbruar og togtunnelar. Det finst nokre få døme på at terroraksjonar har ramma togtunnelar. Det var mistanke om sabotasje-/terroristmotiv då det vart funne ei mistenkjeleg pakke i Eurotunnelen mellom Frankrike og England i mars 1998. Passasjerar var evakuert, og pakka viste seg å innehalde sprengstoff.

Det finst nokre få døme frå nyare europeisk terrorisme på bombeeksplosjonar på tog inne i tunnel. Ein av dei verste aksjonane av denne typer skjedde på eit italiensk tog på veg mellom Florence og Bologna i Italia i desember 1984. I det toget passerte gjennom La Direttissima tunnelen gjekk det av ei tidsinnstilt bombe som drap 15 personar og såra over 80. Dei fleste av vindauga i det 14 vogner lange toget vart øydelagde i eksplosjonen. Ein nyfascistisk organisasjon vart mistenkt å ha stått bak aksjonen som var blant dei blodigaste terroraksjonane i Italia på 1980-talet.<sup>42</sup> Den italienske statsministeren beskreiv hendinga som eit produkt ‘not of madness but of something more: a diabolical logic that directs itself against our country’.<sup>43</sup> Ti år tidlegare hadde same tunnelen vore åstad for ein tilsvarende terroraksjon der høgrekstremlistar stod bak. Den gongen døydde 12 personar i åtaket.

Den kanskje blodigaste aksjonen i togtunnelar i europeisk terrorisme er terroråttaket i London 7. juli 2005 då tre fem kilos bomber vart detonerte omtrent samstundes på Londons undergrunnsbane (‘the tube’). To av bombene eksploderte medan toga var inne i T-banetunnellen mellom stasjonane i Londons finansstrøk ved Kings Cross. (Kort tid etterpå vart det sprengt ei tilsvarende bombe på ein buss i same området.) Over 55 personar vart drepne i desse terroraksjonane. Effekten av bombene var ekstra stor sidan dei gjekk av inne i dei relativt

<sup>42</sup> ‘Italy Tunnel of Death: Terrorists bomb a holiday train’, *Time Magazine* 7 januar 1985, <http://205.188.238.109/time/archive/preview/0,10987,140881,00.html>

<sup>43</sup> Sitert i *ibid.*

tronge tunnellane.

Togbruer har heller ikkje vore særleg hyppige terrormål i følgje våre data. Det er kjent at IRA ved eit høve plasserte bomber med sprengladningar på nærare 13 kg Semtex ved Hammersmith Bridge i London i april 1996. Dette skal ha vore ein av dei kraftigaste bombene IRA til då hadde brukt på det britiske fastlandet. Av ulike årsaker gjekk berre detonatorane av, men ikkje bombene. Det har blitt hevda at brua ville ha kollapsa dersom bombene hadde eksplodert.<sup>44</sup> Elles vart det sprengt bomber ved togbruer i London i april 1997 før dei britiske parlamentsvala. I Nord-Irland har det fleire gonger blitt utplassert bomber ved togbruer, bl a i mai 1998. Vi kjenner ikkje til døme på sabotasje mot bruer med andre verkemiddel enn bomber.

Utanfor Vest-Europa har togbruer vore angrepsmål for terrorgrupper ved ei rekkje høve, men også her dreier det seg om sprengladningar. Etter at Kosovo kom under NATO-kontroll på forsommaren i 1999 har togbruer i provinsen ved fleire høve blitt råka av kraftige bombeeksplasjonar, gjerne i samband med togtransport av serbarar. Militante albanske grupper som Albanian National Army har truleg stått bak aksjonane.

I Litauen vart ei togbru øydelagt av utplasserte bomber ca 130 km sørvest av Vilnius i november 1994. Eit komande tog vart varsla i tide, og ingen kom til skade. Vi kjenner ikkje motivene for denne bombeaksjonen. Under terrorkampanjen i Russland hausten 1999 der ei rekkje bustadhus vart sprengde i lufta, forsøkte ei gruppe tsjetsjenske separatistar å sprengje ei jernbanebru i Astrakhan, nær det gigantiske Astrakhan Condensed Gas Complex som er det leiande gassproduserande anlegget i Volgaregionen. Åtaket på brua var antakeleg ein avledningsmanøver for eit større planlagt åtak på sjølve gassraffineriet. Det ser ut til at gruppa planla å sprengje bomba i det toget passerte. Fleire personar vart drepne i skotvekslingar då gjerningsmennene vart forsøkt pågripne. Ein av gjerningsmennene sprengde seg sjølv i lufta.

I India som har hatt mange store terroraksjonar mot togpassasjertrafikken, vart ei jernbanebru i Madras sprengt av tamilske separatistar i mars 1987. 25 personar vart drepne og ca 150 skadde i åtaket. Eksplosjonen vart utløyst med fjernkontroll i det toget passerte over brua. Kambodsja som har vore herja av borgarkrig i mange år, har opplevd mange aksjonar mot togbruer. Raude Khmer-geriljaen sprengde togbruer ved fleire høve på 1990-talet for å svekke sentralregjeringa sin kontroll og hindre regjeringshæren i å rykke fram mot deira baseområde.

Vi kjenner ikkje til døme på at terrorgrupper har anvendt store bilbomber mot bruar eller tunnelar i Europa, men aksjonsforma kan ikkje avskrivast som irrelevant sidan store bilbomber til no har vore det mest typiske massedrapsvåpnet for terroristar og er blitt mykje brukt av dagens internasjonale jihadistgrupper. Terrorgruppers utvikling av nye aksjonsformer handlar ofte om inkrementelle, stegvise endringar, 'ein ny vri', på gamle velbrukte aksjonsformer.

Bruer og tunnelar er truleg langt meir interessante mål for dei globale jihadistnettverka dersom

---

<sup>44</sup> Oppenheimer, 'Special Report - Terrorism threats to infrastructure security', *Jane's Terrorism & Security Monitor* 1 januar 2003.

dei er landemerker med stor symbolsk og nasjonal betydning for vertslandet. På amerikansk hald har ein frykta at til dømes den berømte Golden Gate-brua i San Fransisco eller Brooklyn Bridge på Manhattan, kunne bli råka.<sup>45</sup> Funn i hus og leirar som al-Qaida disponerte i Afghanistan samt filer og bilete funne på PC-ane til arresterte al-Qaida leiarar har stadfesta at denne type mål har vore på agendaen. Treningsvideoar, instruksjonsmanualar, skisser og notat skrive av al-Qaida rekruttar i Afghanistan viser også at dei mottok opplæring i sabotasje mot denne type mål.<sup>46</sup> Nedanfor er det vist kopiar av eitt av desse funna der rekruttane tydelegvis har fått opplæring i sprenging av bruer.




Figure 2-7: Teikningar funne i al-Qaidas treningsleirar i Afghanistan. Kjelde: CNN.

I følge lekkasjer frå amerikanske etterretning skal al-Qaida også ha lagt planar for terroraksjoner mot bruer der bl a bruspenne-vaiarane skulle øydeleggjast eller påførast nok skade til at brua ville kollapse.<sup>47</sup> Ein av al-Qaida aktivistane som fekk ordre om å planlegge for ein slik type sabotasjeoperasjon i USA skal ha meldt attende til sjefane sine i Afghanistan at aksjonen ville bli for komplisert og ressurskrevjande.

## 2.7 Brannstifting

Vi finn ingen døme på at terrorgrupper har antent eller forsøkt å antenne tunnelar. Brannstifting mot togstasjonar og togvogner har derimot forekomme ved ei lang rekkje høve, gjerne av grupper som ikkje nødvendigvis er involvert i meir klassiske former for terrorisme, og av terrorgrupper som har betydelege ideologiske skranker mot massedrap som politisk våpen. Aksjonistgrupper av både høgreekstrem, venstreekstrem og nasjonalistisk orientering har brukt brannstifting mot tog som politisk våpen. Eit godt døme er dei mange brannbombene som den baskiske separatistrørsla har gjennomført mot togtransporten i Spania. Eit anna døme frå 1980-talet er ei fransk høgreekstrem gruppe som kalla seg 'National Youth Front'. Denne brukte Molotov-cocktails for å tenne på to togvogner på Paris-Moskva ekspressen, med krav om

<sup>45</sup> Elaine Shannon & Michael Weiskopf, 'Khalid Sheikh Mohammed Names Names,' *Time Magazine* 24 mars 2003, [www.time.com/time/nation/article/0,8599,436061,00.html](http://www.time.com/time/nation/article/0,8599,436061,00.html)

<sup>46</sup> Om videoene se Nic Robertson, 'Tapes show al Qaeda trained for urban jihad on West,' *CNN.com* 21 august 2002, <http://www.cnn.com/2002/US/08/20/terror.tape.main/index.html> Se også omtale av al-Qaidas instruksjonshåndbøker i Jeffrey Fleishman, 'Militants' Crude Camp Casts Doubt on U.S. Claims,' *Los Angeles Times* 27 April 2003, [www.latimes.com/news/nationworld/iraq/inside/la-war-camp27apr27.story](http://www.latimes.com/news/nationworld/iraq/inside/la-war-camp27apr27.story)

<sup>47</sup> Robin Stenersen, 'Nye terrorplaner mot USA avslørt,' *VG Nett* 3 mars 2003, <http://www.vg.no/pub/vgart.hbs?artid=32133>

boikott av dei føreståande olympiske leikene i Moskva. Ingen vart skadde i aksjonen. Brannbomber har også blitt funne om bord i amerikanske militære tog i Tyskland ved fleire høve, bl a i august 1982. Hendinga må sjåast i samanheng med ei rekkje andre sabotasjeaksjonar mot amerikanske militære tog av venstreradikale aktivistgrupper i Europa på 1980-talet. På midten av 1990-talet bruke franske aksjonistar bl a brannstifting mot tog som verkemiddel i protestaksjonane sine mot dei kontroversielle franske prøvesprengingane i Stillehavet.

Vi kjenner ikkje til døme på brannstifting i tunnel av politisk motiverte terrorgrupper. Sjølv om brannstifting framstår som eit noko mindre dramatisk 'våpen' enn sprengstoff, skytevåpen og giftgass, kan dessverre brannstifting ha ein massedrapseffekt under dei rette omstenda. Eit døme frå Sør-Korea i februar 2003 illustrerer dette godt. Ein mentalt ustabil person antente to T-banetrog i den sør-koreanske byen Taegu ved hjelp av ei mjølkeflaske fylt med målingsfortynnar og ein sigarettlighter. Medpassasjerane lykkast ikkje i å forhindre antenninga, og brannen drepte i alt 120 personer og skadde 142. Omfanget av brannen vart sannsynligvis såpass stort fordi brannen slo ut straumforsyninga som i sin tur blokkerte utgangsdørene.<sup>48</sup> Det er forsåvidt eit paradoks at dødstallet etter denne relativt lite kjende hendinga var ti gonger høgare enn den mykje omtala saringass-episoden i Tokyo. (Sjå også vedlegg no.2).

Utanfor Europa har brannstifting på tog vore brukt som massedrapsvåpen av politiske grupperingar. Den 27. februar 2002 braut det ut brann på sovevognene på eit tog i Godhra i den urolege provinsen Gujarat i India. Så mange som 58 togpassasjerar døydde i brannen som mange meinte var påsatt av muslimske ekstremistar.<sup>49</sup> Togpassasjerane var hovudsakleg hindiskepilgrimar, tilhøyrande det høgreorienterte og nasjonalistiske Sangh Parivar-retninga, på veg attende frå Ayodhya i nordlege India. Dei vart sagt å vere *Kar Sevaks*, ei nemning brukt om militante hinduistar som var involvert i øydelegginga av *Babri Masjid*-moskéen i Ayodhya 6 desember 1992. Etterforskinga av den dødelege togbrannen fann at brannen var påsett ved bruk av nærare 60 liter brennbar væske, men hendingsforløpet som leia fram til brannen er ikkje blitt klarlagt. Brannen utløyste ei av dei aller verste interkommunale konfliktenes i India sidan landet oppnådde uavhengje, med mellom 800 og 2000 døydde.<sup>50</sup>

Internasjonale terrorgrupper har dessverre ikkje oversett drapspotensialet i brannstiftingar. Etter avhøyr med al-Qaidas tidlegare militære leiar, Khalid Shaykh Muhammad, som vart teken til fange i Pakistan våren 2003, meiner amerikanske etterforskarar at al-Qaida truleg hadde planar om å organisere koordinerte brannstiftingsåtak mot undergrunnsbanen i Washington. I mars 2003 sende FBI ut eit varsel til transportpolitiet ('Transit System Police'), der dei åtvare mot

<sup>48</sup> James Brooke, 'Death Toll in Korean Subway Arson Climbs to 120,' *New York Times* 19 februar 2003, <http://www.nytimes.com/2003/02/19/international/asia/19KORE.html?th>

<sup>49</sup> Celia W. Dugger, 'Fire Started on Train Carrying Hindu Activists Kills 58', *The New York Times* 1 mars 2002, s. A3.

<sup>50</sup> '2002 Gujarat violence', *Online Biology Encyclopedia*, [www.biologydaily.com/biology/2002\\_Gujarat\\_violence](http://www.biologydaily.com/biology/2002_Gujarat_violence). Lasta ned 6 mai 2005.

‘personer med antennelege gjenstander’.<sup>51</sup>

Det har vore fleire norske presseoppslag om antatt sabotasje på T-banen i Oslo, og fleire tilløp til brannutvikling vart sette i samanheng med desse hendingane. Ved eit tilfelle i mars 2004 måtte eit T-banetog på veg frå Smestad mot byen evakuerast på grunn av røykutvikling.<sup>52</sup> Dei første fire månadene i 2004 vart det registrert 20 tilfeller av røykutvikling på T-banen i Oslo, medan det i løpet av 2003 var 45 episodar med røykutvikling og branntilløp på T-banen.<sup>53</sup> I mars 2004 innleverte Oslo Sporveier ei anmelding til politiet, etter at det hadde blitt oppdaga seks tilfelle av ‘sabotasje på vognsettene i løpet av et halvt år’.<sup>54</sup> I følgje pressa kunne denne ‘tuklingen av vognene [...] ha ført til brann på vogner i passasjerdrift.’<sup>55</sup>

#### **Sabotasjehendingar på Oslo T-bane 2003-2004**

- *‘April 2004: Krøllet papirbit plassert i teknisk innretning i en T- banevogn. Kunne medføre fare for sikkerheten.*
- *9. november 2003: Papir var stappet ned i førerpulten. Førerpulten kan skrus opp, og den skjuler mange ledninger. Papir der kan føre til brann eller røykutvikling.*
- *8. september 2003: Papir var stappet inn i en elektrisk komponent/bryter som kalles trinnkobleren. Det kunne ha ført til røykutvikling.*
- *29. februar 2003: Elektriske strømkabler i motoren i en vogn var koblet på en usannsynlig måte, slik at en av kablene smeltet. Det oppsto varme- og røykutvikling. Vognen ble tatt ut av trafikk.*
- *23. januar 2003: Nummerering var endret på en kontaktor (elektrisk komponent), slik at en med svak ampèrestyrke var markert med nummeret til en med sterk ampèrestyrke. Hvis man setter en kontaktor med svak ampèrestyrke hvor det skal stå en sterk, kan det føre til brann eller røykutvikling.*
- *23. januar 2003: Skruen på en trinnkobler var løsnet - på to forskjellige vogner.’*

Sitat frå ‘Syv sabotasjeanmeldelser’, *Aftenposten* 30 april 2004.

#### **Sabotasjehendingar på Østfoldbanen, mai 2004**

- *‘På Østfoldbanen mellom Råde og Rygge ble en kjøreledning revet ned etter hærverk eller sabotasje. Ifølge lensmannen i Råde, som etterforsker hendelsen, ble det kastet en kjetting eller liknende over kjøreledningen, noe som førte til kortslutning.’*

Sitat frå ‘Frykter terror mot NSB’, *Dagbladet.no* 8 mai 2004.

<sup>51</sup> Allan Lengel & Dan Eggen, ‘Metro Fire Was Plotted, Al Qaeda Member Says: Federal Officials Weighing Credibility,’ *Washington Post* 9 april 2003, s. A08, [www.washingtonpost.com/wp-dyn/articles/A59551-2003Apr8.html](http://www.washingtonpost.com/wp-dyn/articles/A59551-2003Apr8.html)

<sup>52</sup> ‘Måtte evakuere på grunn av røyk’, *Aftenposten* 5. mars 2004.

<sup>53</sup> Kjetil Olsen, Wasim K. Riaz, ‘Politiet jager T-banesabotør’, *Aftenposten* 4. mars 2004.

<sup>54</sup> Hans O. Torgersen, Pål Enghaug, Ingrid Solum, ‘Ber politiet om hjelp - frykter sabotasje’, *Aftenposten* 30. april 2004.

<sup>55</sup> *Ibid.*

## 2.8 Gisseltakingar og barrikaderingar

Vi kjenner til nokre få døme på gisseltakingar og barrikaderingar om bord på tog eller på togstasjonar i Europa, men hendingane skriv seg hovudsakleg attende til 1970-talet. I september 1973 vart tre russisk-jødiske passasjerar på eit austerrisk tog kidnappa av to bevæpna menn som hevda å tilhøyre 'Eagles of the Palestinian Revolution', antakeleg ei gruppe innanfor PLO's Fatah organisasjon. Dei tre gislane hadde fått utreiseløyve frå Sovjetunionen og var på veg til Israel. Gisseltakarane kravde at Austerrike måtte stenge transitleiren Schönau Castle, oppretta av ein jødisk organisasjon for sovjetiske jødar som var villige til å busetje seg i Israel. På den tida emigrerte ca 30 000 sovjetiske jødar til Israel i året. Mange av dei kom via tog til Austerrike.<sup>56</sup>

Nederland opplevte ein dramatisk gisselsituasjon ombord på tog i 1975 då sju bevæpna personar som hevda å representere 'Free South Moluccan Youths' tok kontroll over eit passasjertog nær Beilin i nordlege Nederland. Aksjonen var relativt blodig; to personar vart drepne, og ca 50 vart tekne som gislar. Nokre av gislane klarte å rømme, og fleire andre vart frigivne. Kravet frå terroristane var fritt leide ut av landet, lauslating av fire sør-molukkanske fangar som var sikta for terrorhandlingar i Nederland, og nederlandsk anerkjenning av deira eksilregjering. Nederland var den tidlegare kolonimakta i Indonesia, og dei sør-mollukanske terroristane var forbitra over at deira provins, Dei sørlege Molukkene, vart innlemma i Indonesia då Nederland trekte seg ut. Etter eit 12 dagar langt gisseldrama overgav gisseltakarane seg.

Ein tilsvarande aksjon av sør-molukkanske terroristar gjentok seg to år seinare. Den 23 mai 1977 gjennomførte gruppa to koordinerte aksjonar mot eit tog og ein skule. Dei tok 56 gislar ombord på eit ekspresstog nær Groningen, og ca 110 barn og lærarar som gislar på ein skule i Bovensmilde. Igjen var kravet fritt leide og lauslating av sør-molukkanske fangar. Etter fire dagar vart alle skuleborna frigitt etter at ein virusinfeksjon hadde brote ut på skulen, medan tre av lærarane vart verande i fangenskap. Då forhandlingane mellom gisseltakarane og styresmaktene braut saman, vart både skulen og toget storma av nederlandske spesialstyrkar. Seks av dei ni terroristane og to av gislane om bord i toget vart drepne.

Gisseltakinga på Stockholms Centralstation den 28 desember 2002 kan knapt nok seiast å vere ein terroraksjon i klassisk forstand, men vart utført av ein gjerningsmann som såg ut til å mangle tilknytning til etablerte terrorgrupper. Det var uklart om han hadde politiske motiv for gjerninga. Aksjonen byrja med noko som likna eit ran, og to kvinnelege tilsette vart tekne som gislar inne på stasjonsområdet. Den eine kvinna vart frigitt etter kort tid, medan dramaet vara i ti timar. Gisseltakaren hevda han hadde sprengladningar festa til kroppen og truga med å sprengje stasjonsbygningen i lufta. Gisseltakaren var ein asylsøkjjar frå Ukraina. Aksjonen er blitt beskrive ikkje berre som eit 'rånforsøk', men også eit døme på 'øvåntade säkerhetshot frå tidligere okända aktörer' av det svenske tryggingpolitiet.<sup>57</sup> Gisseltakinga fekk etterkvart

<sup>56</sup> 'Blackmail in Vienna', *Time Magazine* 8 oktober 1973, [www.time.com/time/archive/preview/0,10987,907995,00.html](http://www.time.com/time/archive/preview/0,10987,907995,00.html)

<sup>57</sup> Säpo, 'Verksamhetsåret 2002', (Stockholm: Säpo, mars 2003), [www.sakerhetspolisen.se/Publikationer/sapo\\_2002.pdf](http://www.sakerhetspolisen.se/Publikationer/sapo_2002.pdf), s. 25.

politiske overtonar utan at det nødvendigvis var gisseltakaren sin intensjon. Under aksjonen vart den svenske storavisa *Expressen* oppringt av ein person som hevda å vere talsmann for dei tsjetjenske opprørsgruppene og opplyste at gisselmannen hadde støtte av den tsjetjenske armè. Aksjonen var meint å gjere det svenske utenriksdepartementet merksam på at ‘ein person som sit arrestert i Danmark, er blitt truga med utlevering til Russland’. Dette galdt antakelegvis den tsjetjenske talsmannen Ahmed Zakajev som sat i arrest i København ein månads tid etter at russiske styresmakter hadde kravd han utlevert.<sup>58</sup>

Den 13 januar 2003 vart eit svensk hurtigtog mellom Göteborg og Stockholm ‘kapra’ av ein person som heller ikkje framstod med klare politiske krav eller tilknytning til ei terrorgruppe. Den 34 år gamle gjerningsmannen var tidlegare valdsdømd. Han var bevæpna med kniv og tok tre passasjerar som gislar, men vart pågripen av politiet utan særleg dramatisk kort tid etterpå.<sup>59</sup> Begge episodane illustrerer at terrortrusselen ikkje berre er avgrensa til kjende terrorgrupper.



Figure 2-8: Gisseldramaet utspant seg om bord i ekspressstog av typen X2000. (Foto:sj.se), [www.boarding.no/art.asp?art=6166](http://www.boarding.no/art.asp?art=6166)

Utanfor Europa finn vi også fleire døme på gisseltakingsaksjonar der gjerningsmennene har klart å tvinge toget til å stoppe og fleire hundre passasjerar er blitt tekne som gislar. Dette var tilfellet i Kambodsja i juli 1994 kort tid etter at fredssamtalene mellom Raude Khmer-geriljaen og regjeringa braut saman. Omlag 300 personar vart tekne som gislar og ført til ein geriljabase etter at skinnegangen hadde blitt sprengt ved hjelp av to landminer.

Store dramatiske gisselaksjonar har prega det internasjonale terrorbiletet dei seinare åra, og det har naturleg nok innverknad på potensialet for gisseltakingar om bord på tog. Medan al-Qaida og dei globale jihadistnettverka viste liten interesse for gisseltakingar før Irak-krigen byrja, har denne aksjonsforma no for alvor blitt ein integrert del av jihadistane si verktøykasse. Ei av dei viktigaste strategiske handbøkene for jihadistrøslene, ‘Military Sciences’ (*al-‘Ulum al-‘Askariyya*) av ‘Abd al-‘Aziz ‘Isa Muqrin alias Abu Hajir inneheld ein lengre kapittel om gisseltakingsoperasjonar. Treningsvideoer som er blitt funne i Afghanistan skal ha vist korleis al-Qaida rekruttane fekk opplæring i væpna overfall mot bl a offentlige bygningar, samt større vegknutepunkt og trafikkmaskiner der målet var å ta eit større antall gislar og avrette desse

<sup>58</sup> ‘Gisseldrama i Sverige: Truer med å sprengje Stockholms Centralstation,’ *Boarding.no* 28 desember 2002, <http://www.boarding.no/art.asp?art=5979>; og ‘Hadde ikke sprengstoff på seg: Gisseldramaet over etter 10 timer,’ *Boarding.no* 29 desember 2002.

<sup>59</sup> Bjarne Bringeland, ‘Svensk ekspressstog kapret,’ *Stavangeravisen* 14 januar 2003, [www.stavangeravisen.no/art.asp?art=10682](http://www.stavangeravisen.no/art.asp?art=10682)



nærmast i ei rituell nedslakting framføre ei sjokkert verdspresse.<sup>60</sup> Masegisseltakingane utførte av tsjetsjenske opprørarar på Dubrovka-teateret i Moskva og på barneskulen i Beslan har også brote nye grensar når det gjeld denne type aksjonar. Evna til å direkte sende videofilmar frå gisselscenene via Internett gjer også denne aksjonsforma meir slagkraftig enn tidlegare.

## 2.9 Overfall på togpassasjerar

Vi finn svært få døme på bakholdsangrep mot tog og væpna overfall på togpassasjerar i europeisk terrorisme. Eit av unntaka er ein episode frå juli 1979 då eit ekspresstog mellom Paris og Madrid vart angripe av ei væpna gruppe i den franske basker-regionen sør for St. Jean Louis. Aksjonistane som truleg tilhørte den baskiske terrorgruppa ETA, hadde plassert store mengder bildekk over toglinja, noko som førte til at lokføraren stogga toget. Då det vart opna eld mot toget, køyrde lokføraren vidare og brøyta seg gjennom den provisoriske togsperinga. Ingen skal ha blitt skadde, men, det vart funne 15 kulehol i skroget på toget.

I RAND-MIPT databasen finn vi døme på valdelege overfall om bord på toget der passasjerar er blitt forulempa og skada. Fleire av desse døma er rasistisk motiverte valdsaksjonar, som til dømes i april 1991 då ei gruppe tyske nynazistar angreip polske turistar ombord på eit tog mellom Polen og Tyskland. Det har også vore episodar der mistenkte terroristar har blitt skotne ombord på tog i samband med politiaksjonar. I juni 1993 vart *Rote Armee Fraktion* ('Raude Arme Fraksjonen', RAF) leiaren Wolfgang Fram skoten ned og drepen på eit tog under ein politiaksjon. Ti år seinare, i mars 2003, vart eit medlem av det nye *Brigate Rosse* ('Raude Brigader', RB) arrestert av italiensk politi i etterkant av eit skytedrama ombord på toget mellom Roma og Florence. Den gjenoppståtte RB har påteke seg ansvaret for fleire aksjonar sidan 1999, bl a attentatet på den tidlegare italienske transportministeren Massimo D'Antona i Roma i mai 1999.

Medan vi finn svært få døme på slike aksjonar i Europa, er overfall og bakholdsangrep mot tog ei utbreidd aksjonsform i borgarkrigsherja område med slagkraftige geriljarørslar. Den kurdiske opprørsgeriljaen PKK har gjennomført mange åtak mot togtransporten i Tyrkia. Eit døme er ein PKK-operasjon i september 1992 då eit passasjertog ved stasjonen Gecit aust for byen Erzincan vart angripe. Ein soldat vart drepen, medan ein passasjer vart bortført.

Tsjetsjenske opprørarar har ofte angripe tog som fraktar russiske troppar og utstyr til regionen.<sup>61</sup> Ved fleire høve har russiske tog blitt overfalt for å frigjere tsjetsjenske fangar under transport. På midten av 1990-tallet gjennomførte dei egyptiske islamistiske geriljarørslene ei lang rekke skyteåtak mot togtrafikken mellom Kairo og byane i øvre Egypt. Motivene for desse åtaka var todelte: Å råke politi og tryggingstyrkar som vart transporterte på tog til uroområda i det sørlege Egypt, og å svekke den egyptiske turistbaserte økonomien i eit forsøk på å skape større

<sup>60</sup> Bryan Preston. 'Guest Comment: Inside Al Qaeda's Training Camps - What they're ready for', *The National Review* 1 oktober 2002.

<sup>61</sup> Oppenheimer, 'Special Report - Terrorism threats to infrastructure security,' *Jane's Terrorism & Security Monitor* 1 januar 2003.

misnøye med regimet. Den Thailand-baserte separatistgeriljaen Pattani United Liberation Front har også gjennomført bakholdsåtak mot turisttog mellom Bangkok og Singapore. I august 1993 vart to personar drepne og sju skadde i eit skyteåtak mot toget. Aksjonen var motivert ut ifrå ønsket om å understreke kravet om ein uavhengig stat i Pattani-provinsen i Thailand. I Sør-Afrika har det også forekomme væpna overfall mot tog. I august 1992 vart ei person drepne og fem skadde då ei forstadsbane vart skoten på av ei gruppe væpna menn ved Nancefield stasjon i Soweto. Skot vart også avfyrt inne i toget.

Dei kanskje mest omfattande bakholdsåtaka mot tog finn vi hjå Raude Khmer-geriljaen og opprørsrørsla UNITA i Angola. I 1993 gjennomførte Raude Khmer fleire åtak mot tog i det nordvestlege Kambodsja med bruk av landminer for å stogge toget for deretter å ramme passasjerane med skytevåpen eller ta eit større antal gislar. Ved eit høve i august 1993 angreip Raude Khmer med over 30 geriljasoldatar bevæpna med skytevåpen, handgranatar, skulderborne missiler og landminer. Toget spora av etter at ei landmine sprengde skinnegangen. Berre to personar vart drepne og sju skadde i dette åtaket, men tidlegare Raude Khmer-overfall har vore langt blodigare. Den Angola-baserte opprørsgeriljaen National Union for the Total Independence of Angola (UNITA) har stått bak nokre av dei verste overfallsåtaka mot tog. I mai 1993 vart meir enn 100 personar drepne og ca 100 alvorleg skadde i eit UNITA-åtak mot eit passasjertog. I august 2001 gjennomførte UNITA eit nytt blodig åtak med fjerndetonerte bomber og automatiske skytevåpen. Meir enn 250 togpassasjerar vart drepne i overfallet.

Jamvel om væpna overfall og bakholdsåtak er ei sjeldan aksjonsform i europeisk terrorisme, er det ein viss fare for at aksjonsforma kan bli meir utbreidd. Internasjonal terrorisme i dag er langt meir global enn tidlegare, og aksjonsformer kan spreie seg raskare frå verdsdel til verdsdel enn før. Dei seinare åra har også vore fleire kjende massedrapsaksjonar med skytevåpen, der handvåpen er blitt brukte i kombinasjon med store bilbomber. Skytevåpna og granater er også blitt anvende for å skyte seg gjennom vegsperringar og vaktpostar rundt godt beskytta mål. Vi har også sett aksjonar der skytevåpen er brukt i massedrapsaksjonar utan medfølgjande bilbomber, gjerne mot mål som er utilgjengelege for køyrety.<sup>62</sup>

Til liks med gisselaksjonar der sjølvmondsaksjonistar deltek (jf Dubrovka-teateret i Moskva og barneskulen i Beslan), må ein rekne med at massakrer med skytevåpen også kan bli utførte av aksjonistar som ser på aksjonen som ein rein ‘martyroperasjon’ og som reknar med at dei ikkje overlever.<sup>63</sup> Aksjonen mot bustadkomplekset i den saudi-arabiske byen Khobar i mai 2004 der 22 utlendingar vart skotne ned og drepne av ei sju mann sterk al-Qaida gruppe indikerer at denne type massakrer er ei aksjonsform som al-Qaida betraktar som legitim og nyttig, med overføringspotensial til ein europeisk kontekst.<sup>64</sup>

<sup>62</sup> Det følgjande avsnittet er henta frå Brynjar Lia, ‘Nye aksjonsformer i internasjonal terrorisme’ Notat til DSB 15 september 2004 (ugradert).

<sup>63</sup> Sjå f eks brevet skrive av gjerningsmannen bak Van Gogh-attentaten, gjengitt i Petter Nesser, ‘The slaying of the dutch filmmaker - Religiously motivated violence or Islamist terrorism in the name of global jihad?’, *FFI-Rapport* No.2005/00376, <http://rapporter.ffi.no/rapporter/2005/00376.pdf>

<sup>64</sup> For detaljar om Khobar aksjonen, sjå Craig Whitlock, ‘Slayings Spurred Saudi Rescue: 22 Dead in Attack At Compound for Foreign Oil Staff’, *Washington Post* 31 mai 2004, s. A01.

## 2.10 Snikskyting

Vi kjenner ikkje til døme frå europeisk terrorisme på at snikskyting mot tog har forekomme. (Med snikskyting meiner vi her skyteåtak mot togpassasjerar der gjerningsmennene søker å forbli anonyme og ikkje forsøker å stogge toget for å storme det.) Denne aksjonsforma er imidlertid blitt noko meir aktuell dei seinare åra på grunn av hendingane i Washington i hausten 2002. I perioden 15 februar til 22 oktober 2002 vart 15 personer drepne og 6 skadde av dei såkalla 'Washington snipers', dei fleste i løpet av oktober månad.<sup>65</sup> Gjerningsmennene, John Allen Mohammed (42) og stesønnen hans Lee Malvo, opererte stort sett ut frå ein varebil, og ofra som stort sett var tilfeldig forbipasserande, vart skotne ned og drepne på god avstand. Sjølv om potensialet for massedrapsaksjonar ikkje er svært stort i denne type aksjonar, hadde hendingane i Washington ein paralyserande effekt på bysamfunnet.

Det er så langt ikkje påvist noka direkte tilknytning mellom gjerningsmennene og al-Qaida, men hovudgjerningsmannen, John Allen Mohammed, var ideologisk påverka av radikal islamisme og al-Qaida sine aksjonar.<sup>66</sup> Den lammande effekten som desse åtaka hadde på befolkninga i Washington og dei få ressursane og enkle planlegginga som var nødvendig for å gjennomføre aksjonane, er truleg ein faktor når globale jihadistgrupper vurderer angrepsmål og taktikk i framtida. Ein artikkel i tidsskriftet al-Ansar skriven av al-Qaida aktivisten Abu 'Ubayd al-Qurashi skal ha kommentert Washington-dramaet med å spørje om 'har vi kanskje oversett verdien av snikskytteroperasjonar i jihad-verksemda [vår]?'<sup>67</sup> Det er fleire teikn som tyder på al-Qaida har vurdert koordinerte terroranslag med snikskyttarar. For eksempel skal fleire videoopptak som den amerikanske TV-kanalen *ABCNews* fekk tak i frå ein al-Qaida treningsleir nær Qandahar i Afghanistan, ha vist personar som dreiv snikskyttartrening frå pickup-bilar (sjå biletet nedanfor).<sup>68</sup> Ein al-Qaida terrorist, Umar Nizar Trabelsi, som no sonar ein dom for bl a eit planlagt terroranslag i Belgia skal under avhør ha fortalt at al-Qaida trente fleire tremannsteam i snikskyting med føremålet å bruke dei i operasjonar på amerikansk jord.



<sup>65</sup> Jayson Blair, 'Families Deal With Wreckage of Shattered Lives', *International Herald Tribune* 11 februar 2003, s.2.

<sup>66</sup> Runa Hestmann Tierno, 'Ble tent av 11. september', *Nettavisen* 24 oktober 2002.

<sup>67</sup> Sitert i Ben Venzke, Aimee Ibrahim, 'al-Qaeda's Advice for Mujahideed in Iraq: Lessons Learned in Afghanistan', *IntelCenter.com*, Report 14 april 2003, s.7.

<sup>68</sup> John Miller, 'Possible Terror Link? Source: Al Qaeda Agents Received Sniper Training, Plotted U.S. Attack,' *ABCNews.com* 17 oktober 2002. I eit av husa til Harkat al-Ansar, ein al-Qaida alliert gruppe i Kabul, vart det funne utklipp frå United States Marine Corps handbook for snikskyttartrening.

Figure 2-9: Bilete av videklipp frå al-Qaida treningsleir nær Qandahar. Til høgre: Nizar Trablusi. Kjelde: ABCNews.

Eit siste moment i diskusjonen om potensialet for snikskytтарoperasjonar mot tog er spreininga av nye typar skarpskyttarrifler med lengre rekkevidde og meir dødelege former for ammunisjon enn tradisjonelle småkalibra handvåpen. I denne samanhengen har skarpskyttarrifler som bruker 12,7 mm ammunisjon kome i søkjelyset, blant anna fordi ein har funne denne type ammunisjon til sals på den sivile marknaden i fleire land. 12,7 mm ammunisjon er blitt anvendt i ei rekkje terroraksjonar og attentat av den nordirske terrorgruppa IRA dei siste tiåra, i følge organisasjonen NorWatch.<sup>69</sup>

## 2.11 Farleg last som våpen

Vi kjenner ikkje til døme frå internasjonal terrorisme der farleg last på tog har blitt nytta direkte som våpen av terrorgrupper. Ei rekkje ulykker med farleg togtransport i tettbygde strøk har likevel auka merksemda om farleg last som eit potensielt terrorvåpen.<sup>70</sup> Etter 11. september har dessutan synet på våpenbruk i terrorsammenheng endra seg mykje. Fokuset har i første rekkje vore retta mot faren for at fly (og for så vidt også andre transportmidler) kan nyttast som våpen av terroristar. Det er forsåvidt ikkje noko nytt at sjølv køyretyget kan vere eit terrorvåpen. Planar om å styrte fly inn i offentlege bygningar som f eks Eiffeltårnet i Paris eller CIA-hovudkvarteret i Langley har fascinert radikale islamistgrupper frå tidleg 1990-talet. I Israel/Palestina kjenner ein til at bilar er blitt brukte som mobile 'sjølvmoordsbomber' samt fleire tilfelle der sjåførar har brukt bil og buss som våpen i valdsaksjonar ved å køyre inn i ei folkemengde. Det finst også døme på at passasjerar har overfalt bussjåføren og tvunge bussen til å køyre av vegen og utfør bratte skrentar.

Det er mykje som tyder på at 11. september-hendingane har inspirert radikale islamistgrupper til å tenke nytt og meir oppfinnsamt med omsyn til nye aksjonsformer. Erfaringar frå etterforskinga dei seinare åra styrkar oppfatninga av at al-Qaidas oppfinnsame bruk av det moderne samfunnets energikonsentrasjonar til terrorføremål er med på å utvide spekteret av terrorscenarier.<sup>71</sup> For eksempel skal det i følge amerikansk presse finnast etterretningsinformasjon frå avhøyra av Guantánamo-fangene på Cuba om al-Qaida planar om å

<sup>69</sup> 'Frykter terrorister med norske kuler', *Dagsavisen* 7 oktober 2001.

<sup>70</sup> Sjå til dømes Riley, 'Testimony: Terrorism and Rail Security', s. 5; 'Sjokkrapport om Lillestrøm-ulykken: Var 15 minutter fra katastrofe', *Dagbladet* 30 januar 2001 og 'Masseevakuering i Lillestrøm', *Dagbladet* 5 april 2000.

<sup>71</sup> Den puertoricanske al-Qaida aktivisten José Padilla alias Abu Muhajir, som vart pågripen 8 mai 2002 skal i følge amerikanske etterforskarane ha planlagt å bruke gassforsyningane i bustadblokkar som terrorvåpen. Saman med ein medsamansvoren planla Padilla å leie ei rekkje bustader med innlagt gassforsyning, forsegle alle luftvegar, montere ein fjernstyrt antenningsmekanisme og skru på gassen. På denne måten kunne alle bustadene sprengast i lufta samstundes. Khalid Shaykh Muhammad, leiaren for al-Qaidas militære komité fram til han vart arrestert i 2003, planla kapringsaksjonar der store tankbilar med drivstoff eller anna farleg materiale skulle brukast som våpen. Sjå 'U.S.: Padilla planned to blow up apartments', *The Associated Press* 1 June 2004; og Mark Hosenball & Evan Thomas, 'The Biggest Catch Yet: Khalid Shaikh Mohammed, a.k.a. "The Brain", was planning horrific new attacks on the United States', *Newsweek* 10 March 2003.



tilgjengeleg materiale. Denne blåsyrebomba, som er beskrive i utførleg detalj i al-Qaidas jihadleksikon, blir anbefalt brukt på togvogner som eitt av i alt 15 anbefalte bruksarenaer. Leksikonet tilrår ikkje bruk på sjølve togstasjonane, fordi 'desse er under kameraovervaking'.<sup>77</sup>

Det finst fleire døme på at jihadistar har gjort bruk av opplæringa fra dei afghanske treningsleirane til å planlegge terroraksjonar i Europa med bruk av giftgassar og toksin. I januar 2004 arresterte fransk tryggingsspoliti ei gruppe algeriske radikale islamistar kjent som Benchellalli-familien eller 'Det tsjetsjenske nettverket'. Desse er mistenkte for å ha planlagt og førebudd terroraksjonar i Frankrike med bruk av dei svært giftige toksina botulinum toksin og ricin. Personar i dette miljøet skal ha blitt opplært i framstilling av denne type verkemiddel i al-Qaida-leirane i Afghanistan, nær grensa til Iran i perioden rundt årtusenskiftet.<sup>78</sup> Eit anna jihadistnettverk i Europa, den såkalla Tawhid-gruppa, leia av jordanaren Abu Mus'ab al-Zarqawi, har også motteke opplæring i framstilling av giftgass i treningsleirar i Afghanistan. Arresterte medlem i gruppa hadde også tilgang til diverse giftgassoppskrifter på CD-rom.

I november 2002 vart ei gruppe marokkanarar og tunisiarar arresterte i London, mistenkte for å førebu åtak mot undergrunnensbanen med ein uspesifisert giftig 'cyanidgass'. Arrestasjonane vart gjort på grunnlag av etterretningsinformasjon om at miljøet hadde planlagt å smugle ein 'cyanidgass' inn i landet.<sup>79</sup> Personane vart imidlertid frigivne etter avhøyr. Etterforskninga av saken avslørte at gruppa hadde kontaktar med radikale islamistmiljø i Frankrike og Italia der det også har vore mistankar om planlagde terroraksjonar med giftig materiale. Vi kjenner ikkje til korleis åtaka eventuelt skulle ha blitt gjennomført.

